

Verneplan for Folgefonna med Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen, og Buer landskapsvernområde i Kvinnherad, Odda, Etne og Jondal kommunar og Ullensvang herad i Hordaland fylke.

1. FORSLAG

Miljøverndepartementet (MD) foreslår med dette oppretting av Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buer landskapsvernområde (LVO) i Kvinnherad, Odda, Etne og Jondal kommunar og Ullensvang herad i Hordaland fylke.

Vernearealet er til saman 599,4 km² fordelt slik:

- Folgefonna nasjonalpark 545,2 km² (ca 279,4 km² i Kvinnherad kommune, 129,6 km² i Odda kommune, 112,5 km² i Etne kommune, 22,5 km² i Ullensvang herad og 1,2 km² i Jondal kommune)
- Bondhusdalen LVO i Kvinnherad kommune 14,0 km²
- Ænesdalen LVO i Kvinnherad kommune 3,4 km²
- Hattebergsdalen LVO i Kvinnherad kommune 15,5 km²
- Buer LVO i Odda kommune 21,3 km km²

1.1 Heimel

Folgefonna er eit stort og tilnærma urørt naturområde med variasjonar ifrå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre. MD tilrår at fonna og nokre område rundt denne blir verna som nasjonalpark i medhald av naturvernlova § 3. Hattebergsdalen, Ænesdalen, Buerdalen og Bondhusdalen er eigenarta og vakre naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen av naturen frå dalføra opp til fjella. Fjell, skog og vassdrag er viktige element i landskapet sin art og karakter. Delar av desse dalføra vert foreslått verna som landskapsvernområde etter naturvernlova § 5. 44,2 % av nasjonalparken ligg på statsgrunn.

1.2 Verneverdiar

Nasjonalparken

Området som er foreslått som nasjonalpark ligg i fjord- og fjellregionen mellom Hardangerfjorden, Åkrafjorden og Sørkjosen. Sentralt i nasjonalparken ligg sjølve brekap-

pa som er delt i tre platåbreer. Søre Folgefonna er den tredje største breen i landet med eit areal på 168 km². Nordre Folgefonna dekker 26 km² og midtre Folgefonna dekker 11 km². Til saman er brearealet på Folgefonnahalvøya 207 km² inkludert fleire småbrear. På Sør-fonna finn vi eitt av dei få villmarksprega områda som er att i Hordaland, dvs. område som ligg meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep.

Dalføra som inngår i forslag til nasjonalpark har store landskapskvalitetar i form av stort mangfald og inntrykksstyrke. Både Sandvikedalen og Guddalsdalen har ein vassdragsnatur som er eineståande, både i Noreg og Europa. Landskapet sin kvalitet i desse dalane gjer at dei er rangert blant det beste vi har. I Sandvikedalen renn vassdraget gjennom ein særprega og dramatisk trond dal. Sandvikedalen er òg den einaste dalen i området der verneområdet går heilt ned til fjorden. Slik femner verneområdet heilskapen i naturen frå fjord til fonn i denne delen av nasjonalparken. Dei delane av Guddalsvassdraget som ligg innafor den tilrådde nasjonalparken er urørte og vakre. Guddalsdalen er svært frodig med sin næringsrike berggrunn og med vekslande mosaikk av skog og lausmasseavsetningar.

Området som ligg kring breen er sentrale for å forstå korleis isen har forma landskapet. Alle dalføra inneheld eit mangfald av landformar som vitnar om breen si historie i området, som randmorener, breelvdelta, jettegryter og kanalar. Landskapet rundt Folgefonna er i stadig endring. Dette er såleis eit levande landskap der vi kan studere prosesser som pågår i dag.

Både nasjonalparken og landskapsvernombåda har nasjonale og regionale verdiar innan kvartærgeologi. Lausmassane fortel korleis breen har forma landet og landskapet. Sandvikedalen er unik med sitt mangfald av svært verneverdige kvartærgeologiske avsetningar. Den mest sjeldne og verneverdige lokaliteten i området er sandura i norden av Sandvikevatnet. Mellom Gygrastolen og Lægdekruna ligg eit stadeigen blokk-hav. I Furubergdalen finst skredvollar som er unike i regional samanheng. I Guddalsdalen og Hildal finn ein fleire morenentrinn og mektige raskjegler.

Landskapsvernombåda

Dei tilrådde Ånesdalen, Bondhusdalen, Hattebergsdalen og Buer landskapsvernombåde er karakterisert med ein særleg vakker og særprega vassdragsnatur. Elvene i landskapsvernombåda er sterkt prega av opphavet sitt ved breen. Fjellterrenget med kort avstand til fjorden gir korte, bratte og til dels ville elvelaua.

Dalføra har frodig skog, fossar, stryk og framtredande lausmasseavsetningar. Ånesdalen er rekna mellom dei finaste. I Ånesdalen ligg den meanderande Åneselva som gjer at det vert donna nye landformer i dramatisk skala og intensitet. Elvelandskapet er vakkert og unikt. Elva er varig verna mot kraftutbygging. Ånesdalen er den dalen på Folgefonnahalvøya som har den beste samlinga av verneverdige kvartærgeologiske avsetningar.

Bondhusdalen LVO har eit stort mangfald av naturelement, med fjell, vatn og isbre. Bondhusvatnet har på rolege dagar storlagten spegelverknad som styrkjer synsinnt-

rykka og har mykje dramatikk i seg, noko som gir ei stor opplevingsverdi. Ein kan nå inn til Bondhusbreen etter ein relativt kort fottur. Bondhusdalen har viktige kvartærgeologiske førekomstar, og stort vitskapeleg potensiale, ikkje minst saman med lokalitetar i Fynderdalen som ligg i nasjonalparken. Dei to dalane har saman typelokalitetar som kan vise brehistoria mot slutten av siste istid og gjennom deglasiasjonen.

I det tilrødde Hattebergsdalen LVO ligg Ringeriksfossen i Hattebergsvassdraget som er varig verna mot kraftutbygging. Hattebergsdalen har eit rikt mangfold av landformer og er godt eigna til naturguiding og ekskursjonar fordi tilgangen dit er lett. Hattebergsdalen LVO vil bli eit bindeledd mellom den planlagde kulturminnfredinga rundt Baroniet og nasjonalparken, slik at ein får eit samanhengande område med vern av naturverdiar og kulturverdiar i Rosendal.

I Buer LVO er Buerelva eit sentralt element i landskapsbiletet. Den skrånande dalbotnen gjer at elva går kvit i stryk og små fossefall. Elvesusen er ei sterk oppleveling for dei som ferdast til fots. Mangfaldet av landformer kombinert med enkelte flotte lokalitetar med glasiale avsetningar og ei sandurslette, gjer òg at Buerdalen har høg verneverdi. Sjølve Buerbreen kan ein nå ved ein relativt kort fottur, og breen er ein av dei mest tilgjengelege av breane på Folgefonna.

Flora og fauna

Floraen på Folgefonnahalvøya er generelt sett artsfattig, men innslag av rikare lokalitetar gir området botanisk mangfold. Verneverdien av flora og vegetasjon er av lokal og regional karakter. I eldre skog, finst raudlista spetteartar. Det planlagde nasjonalparkområdet sin verdi for fugle- og pattedyrfaunaen blir vurdert som lokal, sjølv om somme område har element av regional verdi.

1.3 Nærings- og brukarinteresser

1.3.1 Kraftutnytting, vassforsyning og prosessvatn

Eksisterande anlegg

Fleire vassdrag er utnytta til vasskraftforsyning i området. Statkraft Energi AS og Kvinnherad Energi har etablerte kraftanlegg som berører områder innafor den tilrødde vernegrensa.

Grensa for det tilrødde verneområde går utanom Myrdalsvatnet og Blåvatnet som begge er regulerte. Myrdalsvatnet har ei regulering på 3,5 m, og den tilrødde grensa for nasjonalparken går ved høgaste regulerte vasstand på nordsida av vatnet. Blåvatnet har ei reguleringshøgd på 25 m og er ikkje nytta i samband med kraftforsyning, men for å levere prosessvatn til industrien på Eitrheim. Vernegrensa går rundt høgaste regulerte vasstand. Reguleringa påverkar nedstraums vassføring i Stølaelva.

Statkraft sine anlegg, Folgefonnaverka, ligg på vestsida av fonna. Innafor den tilrødde nasjonalparken finst dataloggar for vassføring i Fynderdalen. Innafor den foreslalte Bondhusdalen LVO er det gangsti med bruer langs vestsida av Bondhusvatnet, og ved

Bondhusbreen er det landingsplass for helikopter, hytte og andre tekniske inngrep i form av tunnelar, luker, diesellaggregat, datalogg, målestasjon osv. og to bekkeinntak.

Kvinnherad Energi har Muradalen kraftverk med kraftstasjon, røyrgate, to reguleringssmagasin, inntaksdam og kraftliner i det som er foreslått som Hattebergsdalen LVO. Svartavatnet og Prestavatnet er begge regulerte med reguleringshøgde 3,5 meter. I tillegg er det veg inn til kraftstasjonen i Muradalen inst i Hattebergsdalen som er open for allmenta. Rosendal og omland vassverk har eit inntaksbasseng for vassforsyning i Hattebergsdalen LVO. Vassverket har fått pålegg om å bygge nytt anlegg for rensing.

Skånvik Ølen kraftlag har ei 22 kV kraftline som går så vidt innafor nasjonalparkgrensa ved Mosnes.

Nye utbyggingsprosjekt

Innafor den tilrådde vernegrensa er tre nye utbyggingsprosjekt planlagde.

Statskraft ønskjer å overføre vatn frå Blådalsvatn til Juklavatn med mellom anna bekkeinntak i Kvtnadalen som ligg innafor den tilrådde nasjonalparkgrensa. Det er ikkje planar om å bygge nye magasin, og prosjektet gjeld overføring av vatn til eksisterande kraftverk. Statkraft har lagt til grunn at det ikkje er aktuelt å realisere utbygginga der som det ikkje er mogleg å føre vatn frå bekkeinntak i Kvtnadalen.

Sunnhordland kraftlag har som ein del av sin Generalplan for Blådalsvassdraget eit utbyggingsprosjekt for overføring av Fonnvatn til Møsevatn. Møsevatn er regulert og ligg utover den tilrådde vernegrensa. Fonnvatn er uregulert og ligg innafor nasjonalparkgrensa.

Tyssefaldene har søkt om utbygging i Tokheim- og Eitrheimsvassdraga (Blåvatn kraftverk), der mellom anna det allereie regulerte Blåvatnet skal bli brukt som magasin. Innstillinga frå Noregs vassdrags- og energidirektorat tilrår utbygging, og saka er til behandling i Olje- og energidepartementet. Prosjektet vil m.a. innebere ei regulering av Øvre og Nedre Kvanngrødvatna, som ligg innafor den tilrådde nasjonalparken.

Statkraft sitt utbyggingsprosjekt for overføring av Middagsvatn til Mysevatn ligg utover den føreslattede vernegrensa og vil ikkje bli påverka av vernet.

Sunnhordland kraftlag sitt prosjekt overføring av Eikemoelv til Blådalsvassdraget vil etter DN si tilråding ikkje vere innafor vernegrensa. Overføringa ligg i eit område som på lokal og sentral høring var foreslått som Vetrhus/Botnane LVO, men som er teke ut av verneplanen. Begge prosjekta gjeld overføringar av vatn til eksisterande kraftverk utan bygging av nye magasin.

Kvinnherad Energi og Rosendal og Omland Vassverk har planar om ei opprusting av Muradalen kraftverk frå ein årleg produksjon i dag på 8,5 til om lag 25 GWh/år kombinert med bygging av nytt vassverk.

1.3.2 Landbruk

Forsлага til landskapsvernområde omfattar 129 daa dyrka areal og 1233 daa innmarksbeite. Det er ikkje innmarksbeite i nasjonalparken. Det beiter et stort tal sau og noko storfe og geit innafor verneområdet. Det er vidare 1238 daa produktiv skog med vegutløysing og 5188 utan vegutløysing i nasjonalparken. I landskapsvernområda er det 3631 daa produktiv skog med vegutløysing og 3043 daa produktiv skog utan vegutløysing.

1.3.3 Friluftsliv

Breen og dalføra rundt er, og har vore, mykje brukt som turområde. Ski- og fotturar på breen, brekurs og isklatringskurs er døme på organiserte aktivitetar i området. Av turlagshytter ligg Fonnabu, Breidablikk, Holmaskjer og Sauabrehytta innafor det tilrådde verneområdet. I tillegg til desse, ligg det og mange private hytter og stølshus i området. Desse blir nytta i samband med friluftsliv, jakt og tilsyn med buskap gjennom beitesongen. Folk som oppsøkjer Folgefonna og områda rundt breen er ute etter naturoppleving og ønskjer å sjå urørt og dramatisk natur.

1.3.4 Reiseliv/turisme

Folgefonna sommarskisenter på Nord-Fonna held ope heile sommarsesongen. Fleire breførarlag og turoperatørar arrangerar pakkeløysingar. Det er og mogleg å vere med på sightseeingfly over fonna i dag. Det er nokre få hotell og gjestegivarstader i nærleiken til området, og også mange små verksemder som driv med utleige av hytter, campinghytter, rom og hus. Det eksisterar og tilbod om gardsferie og villmarksferie. Reiselivsnæringa har ønskje om å utvikle reiselivet i området.

Nasjonalparksenteret i Rosendal, som har fått mellombels autorisasjon, vil drive informasjonsverksemd om nasjonalparken. Det kan vere aktuelt for fleire grunneigarar i området å utvikle reiselivsrelaterte tilleggsnæringar til landbruket som til døme utleige eller matservering.

2. SAKSBEHANDLING

2.1 Bakgrunn

Verneplan for Folgefonna har sin bakgrunn i St.meld. nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre store verneområder i Norge" (Nasjonalparkplanen). Stortingsmeldinga byggjer på NOU 1986:13 med same namn. I den utredninga var verneområdet på Folgefonna omtala som "Folgefonna Vest" og omfatta berre Kvinnherad sin del av området. Ved behandlinga av stortingsmeldinga viste Stortinget til kontakt med Odda kommune og Ullensvang herad som ønskte at heile Folgefonna fekk status som nasjonalpark. I stortingsmeldinga blei det antyda at enkelte dalføre kunne vere aktuelle som landskapsvernområde.

2.2 Saksbehandlinga

Verneplanen

Arbeidet med verneplanen kom formelt i gang med eit oppstartsmøte i Mauranger i Kvinnherad 27. januar 1998. Etter oppstartsmøtet arbeidde fylkesmannen for å få fram

dokumentasjon av verne- og brukarinteressene i området. Samtidig blei det gjort undersøkingar innafor ulike fagfelt for å få nødvendig faktagrunnlag og dokumentasjon til verneplanarbeidet.

Fylkesmannen har gjennomført ca. 50 møte og synfaringar i planområdet kor grunneigarar, organisasjonar, kommunar og andre aktørar har delteke. I november 2002 blei det vidare etablert ei referansegruppe som bestod av representantar frå dei aktuelle kommunane og dei mest sentrale organisasjonane på fylkesnivå. Referansegruppa er eit rådgivande organ for fylkesmannen i verneplanarbeidet, og gruppa har hatt 5 møter.

Utkastet til verneplan blei sendt på lokal høring 21. august 2003. Etter at høringa blei avslutta har fylkesmannen hatt oppfølgjande drøftingsmøte med aktørar for vasskraftinteressene, om skogbruket i Ænesdalen, busetting og veg i Buerdalen og om interesser ved sommarskisenteret i Jondal. Fylkesmannen si oppsummering og tilråding etter lokal høring blei sendt til DN ved brev 29. mars 2004.

DN har vore på synfaring saman med dei kraftselskapa som er aktuelle for nye vasskraftprosjekt. Vidare har DN i møte 11. november 2004 med kommunane, referansegruppa og kraftselskapa orientert om kva DN ville tilrå.

Konsekvensutgreiing (KU)

Fylkesmannen sitt framlegg til KU-program var på høring vinteren 1998 – 1999. Høringa gav fylkesmannen innspel på tema og geografisk avgrensing for KU. Endeleg KU-program blei godkjend av DN i februar 2002. KU var på lokal høring saman med verneplanen.

2.3 Viktige endringar under behandlinga av verneplanen

2.3.1 Grenser

Fylkesmannen har etter lokal høring tilrådd følgjande grenseendringar:

Jondal:

- Eit område på nordsida av fonna blir teke ut for å opne for at Folgefonna sommarskisenter kan utvide skitrekk.

Kvinnherad:

- Bondhusvatnet og områda ikring inngår i Bondhusdalen LVO framfor den tilrådde nasjonalparken på grunn av inngrep frå eksisterande kraftutbygging.
- Grensa mellom Bondhusdalen LVO og nasjonalparken på austsida blir flytta slik at Breidablikk-hytta blir liggjande inne i nasjonalparken.
- Eit område på nordaustsida i Ænesdalen blir teke ut av Ænesdalen LVO av omsyn til skogbruksinteresser.
- Grensa mellom landskapsvernombordet og nasjonalparken i Ænesdalen er justert av omsyn til skogbruksinteresser.
- Eit område på sørvestsida i forslaget til Hattebergsdalen LVO er teke ut av omsyn til skogbruksinteresser.
- Ein del av nasjonalparken sør for Hattebergsdalen LVO (Kvannto-området) blir teke ut på grunn av manglande dokumentasjon om verneverdiar.

Etne:

- Vetrhus/Botnane LVO blir teke ut av verneplanen av omsyn til andre brukarinteresser.

Odda:

- Austre del av Sandvedalen blir teke ut av nasjonalparken av omsyn til stølsområde.
- Ein korridor i Buerdalen blir teke ut av Buer LVO, slik at busestasjon, veg og nærområda til denne fell utafor vernet.
- Framfor å ta ut ein korridor mot Blåvatnet nord for Buerdalen, blir Blåvatnet teke ut ved at grensa for vern går rundt vatnet ved høgaste regulerte vasstand. Nasjonalparken blir utvida med øvre del av Eitrheimsvassdraget, og Støladalen blir teke inn i Buer LVO.
- Grensa mellom nasjonalparken og Buer LVO i sør er foreslått flytta slik at stølsområda ved Fossasete, Liasete og Buervatn inngår i landskapsvernområde framfor nasjonalparken.

Fylkesmannen sine grenseendringar etter lokal høring utgjer i alt ein reduksjon i areal på verneområde på 58,5 km².

DN støtter fylkesmannen si tilråding etter lokal høring. DN tilrår i tillegg at grensa blir endra ved Myrdalsvatnet slik at grensa går ved høgaste regulerte vasstand på nordsida av vatnet.

MD støtter i all hovudsak fylkesmannen og DN si tilråding om grenser. Grensa for nasjonalparken blir trekt utanom Kvitnodalen i Kvinneherad kommune slik at den planlagde overføringa frå Blådalsvatnet til Juklavatnet kan konsesjonshandsamast (sjå omtale under 4.4.). Dette utgjer eit areal på ca 1,2 km². I tillegg er 0,32 km² innmark teke ut i nedre delar av Bondhusdalen LVO (sjå omtale under 4.4)

2.3.2 Forskrifter

Endringane er markert med understrekning.

Bruken av ordet "nødvendig"

DN tilrår at uttrykket "nødvendig" berre er knytt opp mot motorferdselsreglane når motorferdsel kan skje utan løyve. DN nemner at dei fleste inngrep som skal vere tillatne i verneområda, anten direkte eller etter søknad, må vere nødvendige, og forskriftene må bli tolka slik. Når det gjeld motorferdsel som forvalningsstyresmakta gir løyve til, er det ikkje nødvendig å regulere dette i forskriftena då denne vurderinga blir gjort av forvalningsstyresmakta i samband med behandlinga av søknadar.

MD støtter DN si tilråding.

Verneformålet

Fylkesmannen tilrår endring slik at

- nasjonalparkforskrifta § 2 siste strekpunkt blir endra til at verneformålet bl.a. er å "sikre verdfulle kulturminne og kulturmiljø".

- landskapsvernforskriftene § 2 siste strekpunkt blir endra frå "verne om" til "ta vare på verdfulle kulturlandskap og verne om verdfulle kulturminne og kulturmiljø".

DN støtter fylkesmannen sitt forslag.

MD meiner det ikkje er heimel til å ta inn omgrepet kulturmiljø i forskriftene. Nasjonalparken er i hovudsak urørt natur, og for landskapsvernforskriftene vil omgropa kulturlandskap og kulturminne etter MD sitt syn vere dekkjande. Omgrepet kulturmiljø er innarbeidd i kulturminnelova og har ein eigen definisjon, heimel og rettsverknad i den samanhengen.

Vern mot inngrep i landskapet

DN tilrår at verneforskriftene § 3 pkt. 1.1 om at forbod mot "uttak og fjerning av stein, mineral og fossil" blir endra til eit forbod mot "bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker".

Fylkesmannen tilrår eit nytt pkt. i § 3 pkt. 1.2 i nasjonalpark- og landskapsvernforskriftene om at vernet ikkje er til hinder for "drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg innafor ramma av gjeldande konsesjon". DN støtter denne endringa, men vil i tillegg ta med "som ikkje inneber nye synlege tekniske inngrep i landskapet". I tillegg tilrår DN ein ny regel i § 3 pkt. 1.3 om at forvalningsstyretemakta kan gi løyve til "rehabilitering av kraftanlegg innafor ramma av gjeldande konsesjon som inneber nye synlege tekniske inngrep i landskapet".

Fylkesmannen tilrår eit nytt pkt. i § 3 pkt. 1.3 i nasjonalparkforskrifta om at forvalningsstyretemakta kan gi løyve til "uttak av vatn til drikkevassproduksjon fra Sandvikevatnet dersom vassmengda ikkje overstig 15 l/sek og inngrepet ikkje er synleg innafor nasjonalparken". DN støtter ikkje denne endringa og tek ut dette forslaget frå verneforskrifta.

Fylkesmannen og DN tilrår eit tillegg i verneforskrifta for Hattebergsdalen LVO § 3 pkt. 1.2 om at vernet ikkje er til hinder for "vedlikehald av vegar i samsvar med forvalningsplan, herunder mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er nødvendig for slikt vedlikehald".

Fylkesmannen og DN går inn for ei presisering av nasjonalpark- og landskapsvern-forskriftene § 3 pkt. 1.3 kor det går fram at ein kan gi løyve til oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn (i nasjonalparken) og landbruksdrift (i landskapsvern-forskriftene). Fylkesmannen tilrår at jordbruk, skogbruk og husdyrnæring blir nytta framfor landbruk. DN tilrår at dette pkt. i landskapsvern-forskriftene lyder at forvalningsstyretemakta kan gi løyve til "oppføring av bygningar og anlegg i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus". I nasjonalparkforskrifta tilrår DN at forvalningsstyretemakta kan gi løyve til "oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus". I tillegg tilrår DN at det blir laga eit eige punkt om at forvalningsstyretemakta kan gi løy-

ve til ”oppføring av bygningar i samband med oppsyn med verneforskrifta og oppsyn i medhald av anna regelverk”.

Fylkesmannen tilrår eit nytt pkt. i § 3 pkt. 1.3 i nasjonalparkforskrifta om at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til ”oppattbygging og restaurering av stølshus og liknande for å sikre viktige kulturminne og kulturmiljø”. DN tilrår at fylkesmannen sitt forslag blir endra til ”Oppattbygging og restaurering av stølshus i Håedal i Ullensvang herad for å gjenskape gammalt stølsmiljø”.

Fylkesmannen og DN tilrår ein regel i landskapsvernforskriftene § 3 pkt. 1.3 om at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til ”bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplan”.

MD har justert reglane om drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg i dei verneforskriftene der det er slike anlegg i samsvar med tidligare semje med OED. Sjå nærmere om dette under pkt 4.3 om verneforskriftene. MD har og oppdatert ordlyden i samsvar med nyare standard for enkelte andre punkter i forskriftene, men støtter elles DN sine tilrådingar om vern mot inngrep i landskapet.

Vedhogst

I nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 2.3 var hogst av ved til eigen bruk søknadspliktig tiltak. Fylkesmannen foreslår at tiltaket ikkje skal vere søknadspliktig og flytter dette til pkt. 2.2 kor det da går fram at vernet ikkje er til hinder for ”hogst av ved til eigen bruk i nasjonalparken”. Tidlegare formulering i pkt. 2.3, ”forvalningsstyresmakta kan gi løyve til hogst av ved til hytter og stølar i nasjonalparken”, blir teke ut. DN vil oppretthalde at hogst av ved inne i nasjonalparken skal vere søknadspliktig og tilrår at nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 2.3 lyder at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til ”hogst av ved til eigen bruk i nasjonalparken”.

MD er samd med DN om at vedhogst bør vere søknadspliktig, men at forvalningsstyresmakta bør kunne gi fleirårige løyve slik at ein ikkje treng søkje for kvar gong.

Organisert ferdsel

Fylkesmannen vil endra landskapsvernforskriftene om organisert ferdsel slik at ”som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag” blir teke ut, samt at ”kommersiell bruk” blir teke ut. DN tilrår at regelen blir endra til: ”Reglane i denne forskriftena er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Annan organisert ferdsel kan skje etter løyve fra forvalningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal vise når organisert verksemd krev særskilt løyve.”

Fylkesmannen foreslår at reglane i nasjonalparkforskrifta og landskapsvernforskriftene om at organisert bruk av sykkel og bruk av hest berre er tillate på trasear som er godt kjend for slik bruk i forvaltningsplanen, blir teke ut. DN opprettheld reglane.

MD støtter DN si tilråding når det gjeld organisert ferdsel, men har justert ordlyden om allmenn organisert ferdsel. Ordlyden om sykling og bruk av hest er og justert i samsvar med standardformuleringa ”Sykling og organisert bruk av hest...”

Motorferdsel

DN tilrår følgjande endringar i reglane om motorferdsel:

- Motorferdsel i samband med husdyrhald skal vere søknadspliktig i nasjonalparken og blir flytta til § 3 pkt. 6.3. Det er ikkje aktuelt med motorferdsel i samband med skogbruk og jordbruk inne i nasjonalparken, og det vert derfor stroke frå regelen.
- Det blir gitt eit eige pkt. om at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til "bruk av påhengsmotor på Hildalsvatnet" i nasjonalparken § 3 pkt. 6.3.
- Fylkesmannen tilrådde at uttak av bytte etter storviltjakt kunne skje utan søknad i nasjonalparken. DN endrar dette til at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til "motorferdsel for uttak av felt storvilt" i nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 6.3.
- I landskapsvernforskriftene var det etter § 3 pkt. 5.2 direkte tillate med "nødwendig motorferdsel i samband med storviltjakta". DN endrar dette til at forbodet mot motorferdsel ikkje gjeld "nødwendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt".
- Nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 6.3 og landskapsvernforskriftene § 3 pkt. 5.3 om at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel i samband med vitskapelege granskningar, blir stroke.
- Nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 6.3 om at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til anna nødvendig motorferdsel som ikkje er i strid med verneformålet, blir stroke.
- DN tilrår at alle forskriftene § 3 blir endra slik at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til "bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter o.l.".
- Det blir teke inn i verneforskrifta for nasjonalparken § 3 pkt. 6.3 at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til "bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter".
- Det blir teke inn i landskapsvernforskriftene at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til øvingskjøring for militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver.
- Berre Hattebergsdalen LVO har veg, og det er berre i verneforskrifta for dette området det er open åtgang til motorferdsel på veg.
- Fylkesmannen og DN tilrår ei endring av pkt. 6.3 i § 3 i nasjonalparkforskrifta om at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til "motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning ol.". Regelen blir flytta opp til tiltak som ikkje er søknadspliktig og pkt. 6.2 lyder at vernet ikkje er til hinder for "nødwendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg".
- Fylkesmannen og DN tilrår at det i nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 6.3 blir gitt ein ny bokstav som lyder at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til "motorferdsel i samband med kvisting og preparering av turløype".

MD viser til at når det gjeld motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg er forskriftene justert i samsvar med semje med OED. Det generelle unntaket for nødvendig motorferdsel i samband med militær, operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver er og teke inn

i forskriftene. Ordlyden i nasjonalparkforskrifta § 3 pkt 6.3 er justert i samsvar med ordlyden i § pkt 1.3 om kvisting og preparering m.m. Det skal elles førast ein streng praksis med omsyn til å gi løyve til barmarksjøring.

Støyforureining

- Nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 7.2 lydde: "Bruk av motor på isbor, modellfly, modellbåt o.l. er forbode." Fylkesmannen har tilrådd å fjerne forbodet mot bruk av motorisert isbor. DN tilrår at forbodet blir oppretthalde.

MD støtter DN sine tilrådingar om støyforureining.

2.4 Forholdet til konsekvensutgreiing

Planområdet for verneplanen for Folgefonnahalvøya var i utgangspunktet om lag 750 km². Det følgjer av forskrift 21. mai 1999 nr. 502 § 2 jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 33-2 andre ledd a) at etablering av nasjonalparkar og andre verneområde større enn 500 km² krev KU. Formålet med KU er å klargjøre verknader av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn. Utgreiinga skal sikre at desse verknadene blir teke omsyn til i saka. DN er ansvarleg styresmakt for KU, jf. KU-forskrifta § 6. Tema for utreiinga har vore verneverdiane, naturoppleving, friluftsliv, frididshytter, reiseliv, landbruk og vasskraftsinteresser. Utgreiinga oppfyller krava som er stilt i utgreiingsprogrammet. DN godkjenner den utførte KU, jf. tbl. § 33-6 andre ledd. Saksbehandlingsreglane i naturvernlova § 18 og rundskriv T-3/99 har vore følgt. MD viser til at krava i utgreiingsinstruksen med dette er oppfylt.

3. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

DN avgjer kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for området. Alle kostnad til merking av grenser, oppsyn m.m., herunder også kostnad til eventuelle nye erstatningsreglar blir dekte innafor dei budsjetttramme MD til ei kvar tid har. Det skal vidare bli utarbeidd ein forvaltningsplan for området for å klargjøre forvaltinga av verneforskriftene.

4. HØRING

Følgjande instansar har hatt saka til uttale:

Lokal høring:

Alle private grunneigarar i området, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, Ulensvang herad, Kvinnherad kommune, Etne kommune, Jondal kommune, Statkraft Energi AS, AS Tyssefaldene, Sunnhordland kraftlag AS, Kvinnherad Energi AS, Rosendal Elektrisitetsverk AS, Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest, Fiskeridirektoratet Region Hordaland, Universitetet i Bergen Institutt for geografi, Baroniet i Rosendal, Norwegian Water Company AS, Naturvernforbundet i Hordaland, Naturvernforbundet i Kvinnherad, Naturvernforbundet i Etne, Norsk Ornitologisk Forening avdeling Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Hordaland Reiseliv,

Bergen Turlag, Haugesund Turistforening, Kvinnherad Turlag, Folgefond Sommerskisenter, Folgefondni Breførerlag, Informasjonsnemnda for Hattebergsvassdraget, Arbeidsgruppa for bruk og vern, Hordaland Bondelag, Kvinnherad Bonde- og Småbrukarlag, Etne Bonde- og Småbrukarlag, Etne Bondelag, Etne Skogearlag, Folgefonna grunneigarsamskipnad, Odda og Røldal Bondelag, Odda Bygdekvinnelag, Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarsamskipnad, Valestrand Beiteforening, Seimsfoss grendalag, Åkrafjorden utmarksdrag, Bondhusdalen grunneigarlag og Guddalsdalen elveeigarlag.

Sentral høring:

Statens landbruksforvaltning, Kommunenes sentralforbund, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Kystdirektoratet, Oljedirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, Statens Kartverk, Statens namnekonsulentar for Vestlandet, Universitetet i Bergen, Riksantikvaren, Bergvesenet, Norges Geologiske Undersøkelser, NSB, Jernbaneverket, AVINOR AS, Luftfartstilsynet, Vegdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog, Statens Naturforvaltningsråd, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norskog, Norges Fjellstyresamband, Norges Fiskarlag, FHL Havbruk, Taretrålfiskernes Forening, Norges Luftsportsforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Verdens Naturfond, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Norges Idrettsforbund, Norges Orienteringsforbund, Prosessindustriens landsforbund, Fortidsminneforeningen, Kulturvernets fellesorganisasjon og Innovasjon Norge.

4.1 Merknader til konsekvensutreiinga

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren uttalte at KU oppfyller utgreiingsprogrammet når det gjeld vurderingar av kulturminne og kulturmiljø.

Lovheimel

Folgefonna grunneigarsamskipnad-Odda og Odda og Røldal Bondelag meiner i felles fråsegn at fylkesmannen ikkje har oppfylt utgreiingsplikta når det gjeld å gjere det klart i kva grad staten har juridisk heimel for å leggje band på store private areal.

DN meiner dette ikkje er tema for konsekvensutreiinga da denne primært skal greie ut kva for konsekvensar eit framtidig vern vil få for naturverdiane og samfunnsforholda elles. DN har ikkje funne nødvendig å be om at eksterne etatar granskar forholdet nærrare.

MD støtter DN si tilråding om lovheimel. Vi viser elles til nærrare omtale av heimelspørsmålet under omtalen i kap. 4.2.

Kraftutbygging og økonomiske konsekvensar av vern

Sunnhordland Kraftlag AS, Kvinnherad Energi AS, AS Tyssefaldene, Statkraft Energi AS (felles uttale), Sunnhordland Kraftlag AS, NVE Region Vest og ein grunneigar meiner fylkesmannen ikkje har gjort ei tilfredsstillande KU. Dei meiner at dei økonomiske

konsekvensane av vernet og samfunnet sine fordelar ikkje er utgreidde godt nok. Det er ein mangel at KU ikkje har med kraftaktørane sine alternativ, der alle aktuelle kraftutbyggingsprosjekt var utelatne frå vern. KU viser såleis ikkje korleis dette alternativet ville påverke verneplanen. Vidare meiner dei det er gjort ein formell feil ved at arbeidsgrensa blei endra da KU-programmet blei fastsett.

Sunnhordland kraftlag meiner i tillegg at kraftprosjekta er presenterte utan at det er teke omsyn til avbøtande tiltak.

NVE (sentralt) meiner at KU inneheld svært lite om fordelane for samfunnet ved å gjennomføre dei enkelte prosjekta og at utgreiinga er mangelfull på dette området. Utgreiinga burde drøfta grundigare konsekvensane ved små justeringar av vernegrensene for å kunne konsesjonsbehandle dei aktuelle kraftprosjekta. NVE meiner at KU såleis ikkje er tilfredsstillande og at den må bli supplert slik at saka er tilstrekkeleg opplyst før vedtak blir gjort. Ved konsesjonsbehandling med KU, vil prosjekta bli svært godt opplyst med omsyn til fordelar og ulemper for miljø, naturressursar og samfunn, samt at avbøtande tiltak blir grundig vurdert. NVE meiner at grensa for verneområda må bli trekt slik at alle prosjekta kan bli konsesjonsbehandla. Samla sett vil reduksjon av areal i verneområdet av omsyn til desse prosjekta utgjere ein beskjeden del av nasjonalparken og landskapsvernområda.

Energibedriftenes landsforening (EBL) meiner det burde lagt meir vekt på regional-økonomiske utgreiingar.

Fylkesmannen har vurdert dette slik:

- Det har ikkje vore fullt ut mogleg å få utgreidd økonomiske og samfunnsmessige fordelar ved utbygging ut ifrå den kunnskap som samla sett låg føre då KU blei utarbeidd. Kraftaktørane si kartlegging av vasskraftressursane i utgreiingsområdet har her medverka konstruktivt til å gi eit oversyn over aktuelle nye utbyggingsprosjekt. Det ville òg vore vanskeleg å samanstille eit påliteleg faktagrunnlag som viser samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar av utbyggingstiltaka, til dømes i form av arbeidsplassar. I så fall måtte ein måle dette opp mot tilsvarande vurderingar av andre interesser som turisme, friluftsaktivitetar m.m., som er endå vanskelegare å fastsetje ei økonomisk verdivurdering av. Spørsmålsstillinga blei vurdert i samband med fastsettjing av utgreiingsprogrammet, men fylkesmannen blei då ikkje pålagt å gå djupare inn i denne problemstillinga enn det som er gjort. Fylkesmannen kan i ettertid sjå nytta av at KU på ein meir tydeleg måte hadde omhandla kraftinteressene i planområdet, som til dømes kraftaktørane sitt vernealternativ. Kraftaktørane sine alternativ ligg likevel implisitt i utgreiinga gjennom skildring av verneverdiar, verneformål og verknader for utbyggingsinteresse ne. Fylkesmannen vil ut ifrå dette hevde at problemstillinga er behandla grundig nok i KU. Sjølv om fylkesmannen ikkje har utgreidd konsekvensane av eit geografisk alternativ som utelukkande var basert på utnytting av resterande kraftpotensiale på Folgefonnahalvøya, har dette ikkje hatt innverknad på at kraftutbyggingsinteressene er rettmessig og utførleg omhandla i prosessen. Det er ikkje gjort formelle feil då arbeidsgrensa for verneplanen blei endra etter at framlegg til utgreiingsprogram hadde vore til høring. Nettopp denne grensa var eit viktig høringstema då, og at grensa skulle bli vurdert saman med andre aktuelle utgreiingstema.

DN vil i tillegg vise til:

- Spørsmålet om utgreiingsplikta i høve til vasskraftinteressene er tilfredsstillande, er vurdert etter dei krava som er stilt i utreiingsprogrammet. I utgreiingsprogrammet er det angjeve at utgreiinga skal vise kva for kjende økonomiske utnyttelege naturressursar som vernet vedkjem, og at utgreiinga skal vise konsekvensane for kraftutbyggingsinteressene dersom området ikkje blir verna. Utgreiinga skal òg vise kva verknad vernet får for planlagde prosjekt og eksisterande anlegg. Det er fylkesmannen si oppgåve å greie ut desse forholda. Kraftselskapa har gjort ei utgreiing av kraftinteressene i området. Fylkesmannen har lagt denne til grunn i KU. Fylkesmannen i KU gjort greie for kjende økonomisk utnyttbare naturressursar, konsekvensen for kraftutbyggingsinteressene dersom området ikkje blir verna og korleis vern vil verke inn på eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.
- Når det gjelde samfunnsmessige konsekvensar har utgreiingsprogrammet ikkje bede eksplisitt om utgreiing av dette, men det er ein del av vurderingane i samband med å gjere greie for naturressursar og kva verknad eit manglande vern ville fått for vasskraftutbyggingsinteressene. Kraftselskapa har i sin rapport gjort greie for positiv samfunnsverknader av nye kraftprosjekt som til dømes auka inntekter til stat og kommune og tilføring av kraft til ein region som i dag har eit stort kraftunderskot. Det er vidare vist til at prosjekta vil innebere store investeringar i regionen. Det kunne vore utgreidd meir spesifikt nytta av kvart einskild prosjekt. DN legg likevel til grunn at KU gir tilstrekkeleg opplysningar om dei positive konsekvensane ved slike utbyggingsprosjekt i høve til krava i utgreiingsprogrammet.
- DN meiner at KU i større grad kunne drøfta i kva grad eksisterande anlegg kan ligge innafor eit framtidig verneområde. DN legg til grunn at tekniske installasjonar kan ligge innanfor verneområdet, fordi desse i utgangspunktet må bli vurdert på lik line med eksisterande bygningsmasse. Sjølv om fleire av områda er påverka av kraftutnytting er dei resterande verneverdiane i sum vurdert å vere viktige å ha med i verneområdet. Større reguleringar i vatn kan likevel ikkje sameinast med vern og vernegrensa er derfor lagt utanom slike regulerte vatn.
- DN støtter fylkesmannen si vurdering om at det i KU ikkje er teke med eit alternativ der alle kraftinteressene sine prosjekt ligg utafor vernegrensa. Det er for kvart område kor det kan vere aktuelt med nye prosjekt gjort greie for kva for verknader prosjekta vil ha for verneverdiane i området. DN er samd i at det i utgreiinga kunne vore nærmere fokusert på kor vesentlege desse områda var for verneplanen som eit heile. Fylkesmannen har likevel gitt ei vurdering av verneverdien i områda for dei ulike prosjekta i tabell på s. 50 i KU. Fylkesmannen har gjort ei slik vurdering for utbygging av Tokheim- og Eitrheimsvassdraga og overføring frå Blådalsvatn til Juklavatn, der det er lagt til grunn at endring av grensa av omsyn til desse prosjekta vil føre til ei svært uheldig innsnevring av nasjonalparken. Samla sett vurderer DN at KU er tilstrekkeleg når det gjeld utgreiing av vasskraftspørsmåla til å kunne avgjere vernesaka.

MD støtter DN sine vurderingar omkring KU.

Småkraftverk

To grunneigarar meiner at det er manglar i KU fordi deira planar om å nytta delar av vatnet i Pyttelva til eit småkraftverk ikkje er tilstrekkeleg omtala. Prosjektet er ikkje

teke med i oversiktskartet over kraftutbyggingsprosjekt i fylkesmannen si tilråding, og er heller ikkje omtala i samband med drøfting av grensa for Bondhusdalen LVO.

DN viser til at planane om småkraftverk i Pyttelva er behandla både i KU og i verneplanen. DN meiner at saka er tilstrekkeleg omhandla.

MD støtter DN si vurdering av spørsmåla om småkraftverk og viser elles til at DN har ein breiare omtale av dette i si tilråding til MD 17.12.2004.

Naturfaglege undersøkingar

Naturvernforbundet i Etne, Naturvernforbundet i Hordaland (NVH), Norsk Ornitolgisisk Forening - avd. Hordaland (NOF) meiner at dei naturfaglege undersøkingane ikkje er gode og omfattande nok. NOF viser til at undersøkinga av botanikk, fugle- og dyreliv er overflatisk og at planområdet er viktig for fleire raudlisteartar. NVH krev at tiltak som kan auke populasjonar av fjellrev, jerv og gaupe i området blir vurderte.

Norges naturvernforbund sentralt meiner det er tilstrekkeleg grunnlag for å gå vidare med planen slik at ein nasjonalpark kan bli etablert så snart som mogleg.

Universitet i Oslo, Naturhistoriske museer og botanisk hage har peikt på fleire geofaglege forhold som burde vore utgreia grundigare.

Sunnhordland kraftlag (SKL) uttaler at vurderingane av biologisk mangfald, friluftsliv og til dels landskap, er baserte på avgrensa kartleggingar av eit utval lokalitetar. Konsekvensane av dette blir at omtalen av verneverdiane i mange område blir av svært generell karakter. Dette fører igjen til at vurderingane om konsekvensane av dei ulike vasskraftprosjekta i planområde blir for generelle, mellom anna når det gjeld å forstå tiltakshavar sine argument for endeleg fastsetting av grense for verneområdet. Sett opp mot at grensetrekking er det viktigaste avbøtande tiltaket, fører dette til at det kan vere vanskeleg å ha ein konstruktiv dialog om grensa. SKL meiner vidare at dei samla konsekvensane for verneplanen med og utan Guddalsvassdraget ikkje er vurdert i KU.

Fylkesmannen er samd i at det ideelt sett burde ligge meir omfattande dokumentasjon til grunn for arbeidet med ein verneplan av denne storleiken. Fylkesmannen meiner likevel det er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å fremje verneframlegg og gjere vedtak i saka.

DN meiner flora og fauna kunne vore noko meir utgridd, men meiner at KU tilfredsstiller utgreiingsprogrammet. DN finn at grunnlaget i høve til kvartærgeologi og landskap er godt, men at berggrunnsgeologien kunne vore meir utførleg undersøkt. Samla sett meiner DN at underlagsrapportane gir eit godt nok grunnlag for å fatte vernevedtak i saka. DN er ikkje samd i at verneverdiane er så dårleg skildra at dei ikkje kan bli vurdert opp mot utnytting av Guddalsvassdraget for vasskraftutbygging. Dei einaste aktuelle avbøtande tiltaka ved vasskraftutbygging, er å trekke grensene utanom nye innrepsonråde. Det er ikkje relevant å diskutere avbøtande tiltak ved inngrepa, fordi naturvern ikkje kan bli sameina med nye inngrep.

MD viser til at fylkesmannen og DN har gjort grundige drøftingar omkring dei naturfaglege undersøkingane i DN si tilråding til MD 17.12.2004 som ikkje er fullt ut referert

her. MD støtter DN og fylkesmannen si vurdering omkring dei naturfaglege undersøkingane.

Overvaking

Sunnhordland kraftlag kan ikkje sjå at utgreiinga dekkjer pkt. 11 overvaking.

Fylkesmannen foreslår oppfølgjande undersøkingar på fleire tema som er nærmere omtala i DN si tilråding til MD.

DN har ikkje vurdert overvaking som avgjerande i forhold til godkjenning av KU og har funne det tilstrekkeleg at fylkesmannen har vurdert dette i ettertid. DN støtter fylkesmannen si tilråding.

MD støtter fylkesmannen og DN si tilråding omkring overvaking.

4.2 Generelle merknadar til verneforslaget

Riksantikvaren, Naturvernforbundet i Etne, Norges Naturvernforbund og Naturvernforbundet i Hordaland (NVH), Norges Miljøvernforbund, Norsk Ornitoligisk Forening, avd. Hordaland (NOF) og sentralt, Norges Jeger og fiskerforbund - Hordaland (NJFF) og sentralt, Universitetet i Bergen, Institutt for geografi, Naturvernforbundet Kvinnherad, Kvinnherad Turlag, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag, Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget, Hordaland Reiseliv, Bergen Turlag, Friluftsrådenes landsforbund, DWRS - Baroniet i Rosendal og Universitetet i Oslos naturhistoriske museer og botanisk hage støtter verneframlegget.

Friluftslivets fellesorganisasjon støtter det mest omfattande alternativet i utgreiinga om oppretting av Folgefonna nasjonalpark med tilhørande landskapsvernområde.

Norges naturvernforbund og Norges Miljøvernforbund meiner fylkesmannen har gjort eit godt arbeid med verneplanen og meiner grunnlaget er godt for å kunne vege dei ulike interessene opp mot kvarandre. Miljøvernforbundet meiner likevel at ein større del av det som er foreslått som landskapsvernområde bør gå inn i nasjonalparken.

Ein grunneigar uttaler at KU og verneforslag i større grad burde lagt vekt på å sikre villmarksprega område. Han meiner at skepsis frå lokalt hald gjer at nasjonale og regionale verneinteresser blir sett til side.

Kommunane og Hordaland fylkeskommune er positive til oppretting av nasjonalpark, men ønskjer at grensa blir trekt ved tregrensa. Ingen av desse partane har uttala seg positivt om forslaga om landskapsvernområde.

Norges bondelag vil peike på at mange grunneigarar føler seg "verna i hel" når eigedommen deira blir omfatta av fleire forskjellige vernekategoriar og det blir mange reglar å innrette seg etter.

Fylkesmannen viser generelt til at betra kunnskap om eksisterande bruk og inngrep har vore førande for justering av arbeidsgrensa gjennom verneplanprosessen. Målet om å sikre villmarksprega område er framleis viktig i vektlegginga av vernekriteria.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering av dei generelle merknadane.

Lovheimel

Folgefonna grunneigarsamskipnad-Odda, Norges bondelag, Odda og Røldal Bondelag og ein grunneigar meiner at staten ikkje har heimel til å la nasjonalparken omfatte stort meir enn staten sin eigedom, jf. formuleringa "grunn av same art" i naturvernlova § 3 første ledd. Dei viser til at statseigedomen på Folgefonna i hovudsak er isbre, medan dei private eigedomane er av ein annan naturtype. Vidare er det vist til høgsterettsdomen om Hardangervidda nasjonalpark der det blei sagt at staten berre har heimel for å leggje band på private areal som samla sett er mindre i omfang enn staten sitt eige areal ("den private grunn må fremtre som et tillegg"). Grunneigarlaget meiner at verneplanen ikkje kan bli vedteke før dette prinsippet er avklara.

Fylkesmannen viser til at prosentdelen av nasjonalpark på privat grunn på Hardangervidda ligg på 52 %. Fylkesmannen si tilråding til vern viser at 55,9 % av nasjonalparken på Folgefonna er privat grunn. Fylkesmannen meiner storleiken på den private grunnen ligg innanfor det som er lagt til grunn i rettspraksis.

DN viser til naturvernlova ikkje har krav til storlek på offentleg grunn i landskapsvernområde, berre i nasjonalparkar. 44,2 % av det framlagde arealet for nasjonalpark er statsallmenning og 55,8 % er privat grunn etter DN si tilråding. DN viser til boka "Naturvern og naturinngrep" av Inge Lorange Backer der spørsmålet er drøfta. DN legg til grunn at prosentsandelen privat grunn ikkje er avgjerande for spørsmålet om den private grunnen må bli vurdert som eit tillegg. Det må vere verneverdiane på statsgrunn som er hovudmotivet for nasjonalparken. Bakgrunnen for vernet er areala på statsgrunn, altså isbreen i dette tilfellet. Backer legg vidare til grunn at kravet om at privat grunn må vere av same art, referer seg til det kvalitetsskravet som er stilt i lovregelen for å kunne verne eit område som nasjonalpark, dvs. krav om at den private grunnen også må vere urørt eller i det vesentlege urørt eller eigenarta eller vakker. Han legg til grunn at det såleis ikkje er stilt noko krav om at den private grunnen skal vere same naturtype som den statlege grunnen. DN er samd i dette. DN meiner klart at den private grunnen er å sjå som et tillegg til den statlige grunnen slik det er meint i naturvernlova § 3 og slik Høgsterett har tolka denne m.a. i domen om Hardangervidda nasjonalpark.

MD viser til ei grundig drøfting av heimelsspørsmålet i DN si tilråding til MD 17.12.2004, og legg til grunn at det er lovheimel for å verne det tilrådde arealet. MD støtter DN si vurdering omkring lovheimelsspørsmålet.

Medverknad

Etne kommune meiner at verneplanarbeidet ikkje fullt ut oppfyller krava i saksbehandlingsreglane til naturvernlova (T-3/99) med omsyn til medverknad og konfliktløysing. Det blir særleg retta kritikk mot samarbeidet i siste fase før høringsdokumenta blei sendt ut.

Norges skogeierforbund og Norges bondelag meiner at det i større grad må bli teke omsyn til grunneigar og lokalbefolkninga sine interesser og behov.

Norges fjellstypesamband (NFS) er glad for at lokale innspel blir teke på alvor og at reell lokal medverknad i prosessen blir vektlagd. NFS tilrår DN å legge fylkesmannen si tilråding til grunn i den vidare verneprosessen.

Fylkesmannen meiner å ha følgt dei gjeldande retningslinene for medverknad. Dette er nærmere omtale under pkt. 2.2 og i DN si tilråding til MD.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering om medverknad.

Forvalningsstyresmakt og rådgivande utval

Norges bondelag meiner at kommunane bør vere forvalningsstyresmakt for verneområda. Tilstrekkelege ressursar må bli gitt for å ivareta denne oppgåva.

Norges fjellstypesamband (NFS) ber om at ein må diskutere å delegera forvalningsmynde for nasjonalparken til lokalt nivå dersom prøveprosjekta med delegering av forvalningsmynde til lokalt nivå opnar for dette. Dei ber om at aktuelle fjellstyre får plass i eit eventuelt rådgivande utval.

Den norske turistforening meiner Bergen turlag kan vere friluftsorganisasjonane sin representant i eit eventuelt rådgivande utval.

DN uttaler at det ikkje er opna for at fleire kommunar kan få forvalningsstyresmakt for nasjonalparkar før prøveprosjekta med delegering av forvalningsmynde til lokalt nivå er evaluert. Dersom kommunane ønskjer det, kan dei ev. bli forvalningsstyresmakt for landskapsvernområda. DN støtter forslaga om rådgivande utval. Samansettinga må bli vurdert av forvalningsstyresmakta etter at vernet er etablert. Det er ein føresetnad at alle aktuelle brukarinteresser skal vere representert i utvalet.

MD støtter DN si vurdering omkring forvalningsstyresmakt og rådgivande utval.

Vasskraftinteressene

Sunnhordland Kraftlag AS, Kvinnherad Energi AS, AS Tyssefaldene, Statkraft Energi AS, NVE, NVE - Region Vest og Rosendal Elektrisitetsverk AS uttaler at dersom vern gjer konsesjonsbehandling av aktuelle kraftutbyggingsprosjekt umogeleg, vil dette ikkje vere i tråd med føringane i stortingsmeldingar om Samla Plan (SP) og nasjonalparkar. Grensa må bli endra slik at vern ikkje fører til at opprustnings- og utvidingsprosjekt i SP kategori 1 eller prosjekt unntake SP blir stoppa. Prosjekta bør etter deira syn kunne gå gjennom konsesjonsbehandling slik at moglege konsekvensar for samfunn og miljø blir synlege. I denne samanhengen kan ein eventuelt setje vilkår om avbøtande tiltak. Høringsinstansane viser til at i Kjøsnesfjorden, Jostedalsbreen nasjonalpark, blei det opna for nye bekkeinntak, noko ein og må kunne gjere på Folgefonna. Fleire vassdrag innafor planområdet er varig verna og vassdragsnaturen burde derfor vore godt nok sikra. Dei meiner det er ulogisk å inkludere eksisterande anlegg i nye verneområde, og samstundes nekte nye anlegg av tilsvarende karakter.

To grunneigarar opplyser om planar om eit småkraftverk i Pyttelva som vil kunne gi 30 GWh. Eit småkraftverk i Pyttelva vil ha små negative sider og etter deira syn ikkje endre landskapet sin art og karakter.

Energibedriftenes landsforeining (EBL) saknar ei overordna og koordinert behandling av saker i skjeringspunktet energi og miljø. EBL meiner at når samfunnet sett i verk eigne verneplanar for vassdrag der verneverdige vassdrag blir prioritert, må det takast tilbørleg omsyn til at samfunnet kan utnytte dei fornybare vassressursane som er att på ein miljøvenleg og samfunnsøkonomisk gunstig måte også til kraftproduksjon. Dei viser elles til kraftselskapa sine uttaler.

Norges miljøvernforbund, Norges jeger- og fiskerforbund (NJFF), Norsk ornitologisk forening og Den norske turistforening meiner at vern må gå føre kraftutbygging, og dei tek avstand frå justering av grensa for planlagd verneområde for å kunne gi plass for kraftutbygging eller andre inngrep som klart vil medverke til å redusere verneverdiane. Universitetet i Oslos naturhistoriske museer og botanisk hage meiner det er viktig å ta omsyn til lokale forhold, og dei peiker på at fisket i Guddalselva er avhengig av nok sommarvassføring og at avrenning frå breen derfor er spesielt viktig. Dersom Fonna-vatnet blir ført til Møsvatnet vil fisket kunne bli skadelidande og mykje av det lokale arbeidet for å sikre fiskestammen vil vere bortkasta.

Fylkesmannen viser til at stortingsmeldinga om nasjonalparkane gir miljøvernstyresmakta klårt mandat til arbeidet med verneplanen. Oppfølging av energipolitiske mål gjennom opprustings- og utvidingsprosjekt, må etter fylkesmannen si oppfatning primært skje utafor aktuelle verneområde. Det vil vere i strid med verneformålet å tillate konsesjonsbehandling av vasskraftutnytting i verneforskrifta, både i landskapsvernområde og nasjonalpark. Ingen av verneformene gir opning for nye tekniske inngrep i samband med kraftutbygging. Også avbøtande tiltak er vanskelege å sameine med vern. Dersom konsesjonsbehandling skal bli gjennomført før vernevedtak vil det i praksis føre til at verneområda blir reduserte i omfang. Verneplanprosessen og KU dokumenterer på ein grundig måte dei ulike interessene i saka. Vurdering og avveging i spørsmålet utbygging eller vern må derfor skje i samband med vernesaka, no når denne er fremja først. Dømet Kjøsnesfjorden er ikkje relevant for Folgefonna. Her blir grensene justerte og dei aktuelle bekkeintaka blir liggjande utafor nasjonalparken. Hovudprinsippet er å trekke grensa for nye verneområde utanom eksisterande tekniske anlegg. I praksis kan ein likevel akseptere anlegg inne i landskapsvernområde dersom grensevurderinga gjer ei slik løysing naturleg, men ikkje i nasjonalpark som er ei strengare verneform.

DN støtter fylkesmannens vurdering. DN skal tilrå kvar vernegrensa skal gå. Denne tilrådinga skal vere tufta på ei naturfagleg vurdering, dvs. kva som best vil gagne verneverdiane og vernesaka. Vurderinga òg ta rimelege omsyn til andre samfunnsinteresser. Det vil ikkje vere i samsvar med DN si oppgåve å leggje grensa for verneområdet slik at alle aktuelle kraftprosjekt blir liggjande utafor ut frå ei prinsipielt vurdering om at desse utbyggingsinteressene må bli vurderte først. KU i samband med konsesjonsbehandling av utbyggingsprosjekt vil kunne greie ut prosjekta si verknad på naturmiljøet i nærområdet til inngrepa, men vil ikkje vere eigna for å vurdere i kva grad dette området er viktig å ha med i nasjonalparken eller i eit av landskapsvernområda. Denne vurderinga

skjer i samband med verneplanarbeidet. Overordna politiske avvegingar av om kraftutnytting eller vern av naturen skal ha prioritet i området, må gjerast av politiske styremakter.

MD viser til Sem- erklæringa der det er uttalt at "Hensynet til kommende generasjons naturopplevelser tilsier en restriktiv holdning for videre vassdragsutbygging, og at vi lar de aller fleste vassdrag som står igjen forbli urørt...Eksisterende vannkraftstruktur må utnyttes bedre...". Dette må etter departementet si oppfatning vere retningsgjevande for korleis ein no ser på kraftutbygging som kan redusere ytterlegare det eineståande og urørte naturområde som Folgefonna er. MD vil derfor ikkje tilrå å trekke grensene for Folgefonna nasjonalpark slik at det vert opna for utbygging av Eitrheim/ Tokheimsvassdraga og Fonnvatna. MD vil likevel tilrå å leggje nasjonalparkgrensa utanom Kvitsodalen slik at det planlagde prosjektet med overføring fra Blådalsvatn til Juklavatn med bekkeinntak kan konsesjonshandsamast. Dersom det ikkje blir gitt konsesjon til dette prosjektet, vil nasjonalparken bli utvida her seinare.

Landbruk

Riksantikvaren eit viktig fokus er korleis ein kan leggje forholda til rette for vidare drift av stølsområde, dyrka mark og beiteområde. Riksantikvaren vil understreke at vern ikkje skal vere til hinder for næringsutvikling innafor ramma av verneformålet og tradisjonell jordbruksdrift. Både beiting og slått er vesentlege element for å oppretthalde jordbrukslandskapet. Den europeiske landskapskonvensjonen støtter dette synet og legg òg vekt på lokal medverknad.

DN støtter Riksantikvaren sitt syn. Verneforskriftene er ikkje til hinder for at drift av mellom anna dyrka mark og beite kan halde fram.

MD støtter DN si vurdering omkring landbruk.

Forvaltingsplan

Kvinnherad kommune, Ullensvang herad, Hordaland fylkeskommune, fleire grunneigarar, Norges bondelag, Norges skogeierforbund, Norges fjellstyresamband, Statens landbruksforvaltning, Riksantikvaren, Friluftsrådenes fellesforbund og Den norske turistforening er opptekne av forvaltningsplanen, og mange meiner at arbeidet med den bør settast i gang så snart som mogleg, og at brukarinteressene blir involverte. Bondelaget peiker på at 16 av 23 nasjonalparkar i Noreg manglar forvaltningsplan og krev at nye landskapsvernombjøde og nasjonalparkar ikkje blir vedteke før ein har forvaltningsplanar for områda.

Fylkesmannen er samd i at forvaltningsplanen ideelt sett burde vore utarbeidd parallelt med verneplanen. Fylkesmannen går inn for at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan, og at dette skal skje i nært samarbeid med aktuelle aktørar.

DN støtter fylkesmannen sine merknader.

MD støtter fylkesmannen og DN når det gjeld forvaltningsplan.

Økonomisk erstatning

Grunneigarane i Guddalsdalen, Hatteberg og Guddalsdalen Grunneigarlag m.fl. er opptekne av at det blir gitt erstatning til grunneigarane ved vern.

Kvinnherad kommune meiner det er prinsipielt forkasteleg at næringsaktørar som blir råka av verneplanen ikkje får økonomisk kompensasjon for redusert inntekt.

Norges skogeierforbund og Norges Bondelag kan ikkje akseptere vern på privat grunn før erstatningsreglar for nasjonalparkar og landskapsvernområde er vedteke.

Fylkesmannen viser til lovgrunnlaget og rettspraksisen som i dag gjeld for erstatning ved oppretting av nasjonalparkar og landskapsvernområde. Spørsmålet om eventuell ny erstatningsordning er nyleg vurdert av Biomangfaldlovutvalet.

DN viser til fylkesmannen sin kommentar.

MD viser til Stortingsproposisjon nr. 1 (2003 - 2004) for Miljøverndepartementet, der det går fram at ei eventuell innføring av ny erstatningsordning for nasjonalparkar og landskapsvernområde også vil gjelde for område der vernevedtak allereie er fatta, men der fristen for krav om erstatning enno ikkje er gått ut. Dette inneber i så fall at ei slik overgangsordning også vil omfatte vern av Folgefonna nasjonalpark. Ut over dette støtter MD DN og fylkesmannen sine vurderingar.

Fiskeri

Fiskeridirektoratet gjer merksam på at det ligg eit settefiskeanlegg/klekkeri ved Sunndal. Dei ventar at nasjonalparken ikkje vil få konsekvensar på framtidig drift av anlegget, og at det ikkje blir lagt restriksjonar på eventuelle interesser fiskerinæringa har i Åkrafjorden.

DN meiner vernet ikkje vil røre ved desse interessene.

MD støtter DN si vurdering omkring fiskeriinteressene.

Reiseliv

Reiselivsbedriftenes landsforening (RBL) vil påpeike at det for reiselivet er svært viktig at verneplanen gjer det mogleg å oppretthalde Folgefond Sommarskisenter, Folgefond Breførarlag, kommersiell breføring generelt og hundesledekøyring på kommersielt nivå.

Norges skogeierforbund meiner det ikkje må vere restriksjonar på aktivitet som har som formål å auke tilgjenge og bruken av verneområda, så lenge naturen ikkje blir påførd skade.

Norges bondelag er oppteke av den verdiskapinga som nasjonalparkane kan føre med seg gjennom miljøtilpassa turisme, og dei meiner dette først og fremst må kome lokal-samfunnet til gode. Nasjonalparkar får lokalt næringsliv og lokale grunneigarar inn-skrenka sin rett til å utnytte naturressursane. Bondelaget meiner at kommersiell aktivitet i nasjonalparkane må vere for grunneigarar og næringsinteresser i kommunar som vernet direkte vedkjem.

DN vil vise til at vernet ikkje hindrar aktivitetar ved Folgefond Sommarskisenter, då desse i hovudsak vil skje utafor verneområdet. Vernet vil heller ikkje hindre den kommersielle breføringa. DN har lagt opp til at organisert hundesledekøyring kan skje etter løyve frå forvaltningsstyresmakta. Slik organisert verksemd må vidare bli nærare omtala i forvaltningsplana. DN viser til at det ikkje er heimel i naturvernlova til å gjere forskjell på lokale aktørar og andre ved forvaltning av verneforskrifta. Det er såleis ikkje aktuelt å gi eigne reglar for grunneigarar og lokale aktørar.

MD viser til omtale om næringsvernsemd i pkt 4.3. og støtter elles DN si vurdering omkring reiseliv.

Namn

Statens namnekonsulentar på Vestlandet foreslår at Hatteberg LVO blir endra til Muradalen LVO. Gardsnamnet Hatteberg verkar ikkje som ei fullgod løysing fordi hovudvasset for garden ligg utanom verneområdet. Dei tilrår at ein i staden kallar verneområde opp etter dalføret i område, Muradalen.

Fleire grunneigarar ønskjer ikkje å kalle området for Muradalen LVO. Namnet Muradalen stammer frå den tida då Baroniet i Rosendal blei kalla Muren, og namnet har ut frå historia ei negativ symbolverdi for grunneigarane. Det er kome forslag om å kalle område for Hattebergsdalen LVO.

DN tilrår at området blir kalla Hattebergsdalen LVO.

MD støtter DN si vurdering omkring namn.

Oppsyn

Norges fjellstyresamband (NFS) meiner organisering av det framtidige naturoppsynet på Folgefonna må skje i samråd med eksisterande oppsinsordningar. Hardangervidda fjelloppsyn er ei godt oppbygd oppsinsordning i regi av fjellstyrta på Hardangervidda. Dei meiner det er meir kostnadseffektivt å bygge på allereie eksisterande oppsinsordningar i staden for å bygge ut det statlege oppsinsapparatet i dette området.

DN viser til at SNO i utgangspunktet har det overordna ansvaret for statleg naturopsyn i alle verneområda. Det blir viktig å få eit samordna statleg naturopsyn i både nasjonalparken og landskapsvernombanana. DN legg til grunn at staten i stor grad må vere tilstades i ein ny nasjonalpark, men meiner samstundes at ei styrking av eksisterande oppsyn kan vere viktig for å sikre god lokal forankring og gode samarbeidsrelasjonar. Ut frå erfaringane frå organisering av naturopsyn i tilsvarende nasjonalparkar og landskapsvernombanana vurderer DN at det vil vere behov for ei ny SNO-stilling i denne nye nasjonalparken, i tillegg til noko auka tenestekjøp.

MD understrekar kor viktig det er å få til eit effektivt oppsyn i verneområda. Synspunkta frå Fjellstypesambandet blir teke med i det vidare arbeidet med etablering av oppsyn i dei nye verneområda. Arbeidet med å etablere oppsyn må skje innanfor dei til ei kvar tid eksisterande budsjettrammer.

4.3 Merknader til verneforskriftene

Generelt

Kvinnherad kommune meiner vernereglane i § 3 burde vore meir generelle og at regelverket i staden bør bli meir spesifisert i forvaltningsplanen.

To grunneigarar meiner at regelen i forskrifta om kva tiltak som ikkje er lovleg innafor verneområda langt overstig det som verker inn på landskapet sin art og karakter.

Vestnorsk havbrukslag meiner at verneforslaget har omgått intensjonane for vern ved å kalle nokre område landskapsvernombord, men med så strenge reglar at det i praksis får same status som nasjonalpark. Reglane vil etter deira syn føre til ei "hermetisering" av områda, noko som gjer at ein vil miste viktige kulturverdiar.

Norges bondelag meiner generelt at verneforskriftene er for restriktive og skaper lite rom for reell lokal forvaltning og utnytting. Retningslinene i fjellteksta bør i større grad bli gjenspeglia i verneforskriftene. Det må i lova bli etablert ein heimel for å gi forskrifter om kommersiell verksemd i verneområda.

Den norske turistforening meiner det er viktig å hindre nye tekniske inngrep på bakgrunn av at arealet med urørt natur stadig blir mindre.

Fylkesmannen viser til at verneforskrifta er eit juridisk bindande dokument, medan forvaltningsplanen utdjupar og gir retningsliner for tolking av forskrifta. Det er ikkje mogleg å nytte forvaltningsplanen til å regulere tiltak og aktivitetar utan heimel i forskrifta. Fylkesmannen meiner derfor at ein ikkje kan følgje tilrådinga frå Kvinnherad kommune utan å miste hovudpoenget med å nytte naturvernlova i området.

DN støtter fylkesmannen si vurdering. Forskriftene må vere relativt detaljerte for å sikre naturverdiane. Vern etter naturvernlova skal sikre ei langsiktig forsvarleg forvaltning av områda. Forskriftene for landskapsvernombord skal sikre at fleire mindre inngrep til saman over tid kan verke inn på landskapet sin art og karakter. DN vil samstundes peike på at i landskapsvernforskriftene er reglane *ikkje* til hinder for m.a. husdyrhald, skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite. Vidare kan det gis løyve til m.a rydding av nytt innmarksbeite og bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog. DN støtter ikkje synet om at forskriftene i landskapsvernombord er like strenge som i nasjonalparken. DN meiner det ikkje formålstenleg å regulere næringsverksemd nærmare i forskriftena. Det er ikkje forbod mot kommersiell næringsverksemd. Det avgjerande er om det for næringa er nødvendig med inngrep eller tiltak som er regulert i forskriftena.

MD støtter DN si vurdering av dei generelle merknadene til verneforskriftene.

Formål

Kvinnherad kommune og Jondal kommune vil ta inn eit punkt om at verneområda skal stimulere til natur- og kulturbasert næringsutvikling i bygdene rundt.

Etne kommune ønskjer skånsam næringsutvikling/bygdeturisme inn i formålet. Fleire grunneigarar og Naturvernforbundet Kvinnherad vil inkludere «berekraftige, naturbaserte småskala tilleggsnæringer til tradisjonelt landbruk» som del av verneformålet.

Friluftslivets fellesorganisasjon uttaler at området er viktig for friluftsliv, og at det derfor er bra at det i verneformålet i verneforskriftene er teke med at området skal kunne bli nytta til friluftsliv.

Friluftsrådenes landsforbund foreslår å ta inn i formålet det å ”stimulere til oppleveling av natur og landskap gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg grad av teknisk tilrettelegging”. Dersom endringa er umogleg for landskapsvernområda som følgje av naturvernlova, meiner landsforbundet dette bør bli endra.

Fylkesmannen vil peike på at ei verneforskrift ikkje kan ha med føringar for bruk av areal som ligg utover grensa til verneområdet. Når det gjeld å inkludere næringsutvikling i verneformålet for nasjonalparkar eller landskapsvernområde er det ikkje heimel for dette i naturvernlova § 3 eller § 5. I praksis vil likevel vern kunne stimulere til lokal natur- og kulturbasert næringsutvikling dersom lokalsamfunna sjølv utnyttar potensialet som blir skapt gjennom vern. Fylkesmannen foreslår å leggje til omgrepene ”kulturmiljø” i formålet, både i nasjonalparken og landskapsvernområda.

DN støtter fylkesmannen sine vurderingar om formålet. Naturvernlova har ikkje friluftsliv som eit formål ved oppretting av nasjonalparkar eller landskapsvernområde, sjølv om dette omsynet i praksis er viktig. DN tilrår derfor ikkje endring om friluftsliv i formålet. DN støtter fylkesmannen si vurdering om kulturminne og kulturmiljø.

MD viser til omtale under pkt. 2.3.2 om at vi ikkje finn heimel til å ta inn omgrepene ”kulturmiljø” inn i formålet. MD støtter elles fylkesmannen og DN si tilråding.

Jakt og fiske

Norges jeger- og fiskerforbund (NJFF) ser positivt på at jakt og fiske skal kunne skje etter viltlova og lakse- og innlandsfisklova. NJFF er nøgd med at det i nasjonalparken er opna for kalking av vassdrag etter ”særskilt løyve” og at det også er opna for fisketiltak i verneområda.

Uttak av stein

Norges geologiske undersøkelser (NGU) viser til at forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda har eit generelt forbod mot uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil. NGU ønskjer ei oppmjuking av forbodet i tråd med forslag dei tidlegare har fremma, og i alle tilfelle må formuleringane i forskriftene vere i tråd med dei sist vedteke forskriftene.

DN tilrår endring av regelen i alle forskriftene i samsvar med tidlegare praksis. Etter DN si vurdering er det nødvendig med eit forbod for å hindre hogging av stein og mineral og fjerning av for eksempel store steinar, men ikkje å hindre folk i å ta med seg mindre lause stein som suvenirar e.l. Verneforskriftene blir endra i tråd med dette.

MD støtter DN si vurdering omkring uttak av stein.

Uttak av drikkevatn

Norwegian Water Company AS ønskjer uttak av vatn frå Sandvikevatnet til produksjon av drikkevatn. Tiltaket vil ifølge planen ikkje gi synlege tekniske inngrep i nasjonalparken. Vassuttaket blir maksimalt 15 l vatn pr. sekund og vil vere usynleg i vatnet.

Etne kommune meiner det må kunne opnast for dette i forskrifa.

Norges geologiske undersøkelse (NGU) tek ikkje stilling til prosjektet, men meiner eit generelt forbod mot uttak av drikkevatn frå nasjonalparkar og landskapsvernområde ikkje bør bli nedfelt i forskrifter eller på anna måte.

Norges naturvernforbund er skeptisk til å ta ut drikkevatn til industriell produksjon frå parken. Nasjonalparkar skal ha eit strengt vern. Drikkevatn må kunne bli henta utafor grensa for nasjonalparken. Dersom dette ikkje er mogleg i dette tilfellet, bør saka bli behandla som eit unntak gjennom forvaltningsplanen og ikkje som ei generell opning for ein ny type inngrep.

Den norske turistforening ser at det er prinsipielt viktig å ikkje foreta tekniske inngrep innafor nasjonalparken. Ei slik avgjerd vil kunne skape presedens for andre nasjonalparkar.

Fylkesmannen legg vekt på at uttaket vil gjelde svært små mengder vatn som ikkje vil vere merkbart i vassdraget eller gi synlege inngrep i dalen. Fylkesmannen meiner prosjektet ikkje treng konsesjonsbehandling etter vassressurslova. Fylkesmannen foreslår at verneforskrifta regulerer omfanget av tiltaket ved at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til ”uttak av vatn til drikkevassproduksjon frå Sandvikevatnet dersom vatnet ikkje overstig 15 l/sek og inngrepet ikkje er synleg innafor nasjonalparken”.

DN meiner det ikkje bør vere opning for slike inngrep i nasjonalparkar som skal ha eit strengt vern. Dette gjeld sjølv om inngrepet ikkje vil bli synleg i nasjonalparken. Nedbørsfeltet til Blomstølskardvatnet, som naturleg drenerar til Sandvikevatnet er overført til Blådalsvassdraget. Dette gjer at vassføringa ned i Sandvikevatnet er noko redusert. DN meiner at det at området allereie er påverka av inngrep, ikkje inneber at nye inngrep kan skje. Etter DN sitt syn, må uttak av vatn for slike formål primært skje utafor verneområda. Det er derfor ikkje grunnlag for å opne for ein eigen regel om dette i verneforskrifta. Ein eventuell søknad må då bli vurdert etter dei generelle dispensasjonsreglane.

MD viser til at miljøkonsekvensane av drikkevassprosjektet for nasjonalparken kan synast ubetydelege slik NWC har presentert planen. Departementet meiner at opprettning av nasjonalpark i området ikkje bør vere til hinder for å vurdere eit slikt prosjekt i framtidia. Forvaltningsstyresmakta for verneområdet vil vurdere ein søknad etter den generelle dispensasjonsregelen dersom prosjektet skulle bli aktuelt.

Eksisterande tekniske anlegg

Kraftselskapa viser til at forskriftene må opne for utvikling av ny teknologi og nye driftsmåtar i kraftanlegga og ikkje «hermetisere» dette på dagens teknologiske nivå.

Dei foreslår ei formulering som tek høgde for teknisk og bygningsmessig utvikling av anlegga både når det gjeld drift, vedlikehald og rehabilitering.

To grunneigarar viser til at det ikkje er teke omsyn til eit prosjekt om småkraftverk i Pyttelva i forslag til forskrifter for verneområdet.

Fylkesmannen forslår eit eige punkt om kraftanlegg både i nasjonalparken og landskapsvernombordet. Fylkesmannen foreslår ei ny formulering som er utarbeidd etter forslag frå kraftselskapa der vernet ikkje er til hinder for "drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg innafor ramma av gjeldande konsesjon."

NVE viser til at rehabilitering - i forståing av utbetring og modernisering innafor rammene for konsesjonen som er gitt – i følgje forskriftene er tillate. Dei ber om at dette gjennomgåande må takast med i forskriftene slik at det ikkje er tvil om at det er teke høgd for trond til framtidige tekniske endringar.

DN støtter fylkesmannen sitt forslag. DN peiker på at det med rehabilitering ikkje er meint nye tekniske inngrep som er synlege i verneområda. DN tilrår derfor at det blir teke med i § 3 pkt. 1.2 "som ikkje inneber nye synlege tekniske inngrep i landskapet". I tillegg tilrår DN ein ny regel i § 3 pkt. 1.3 om at forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til "rehabilitering av kraftanlegg innafor ramma av gjeldande konsesjon som inneber nye synlege tekniske inngrep i landskapet". Endringa blir gjennomført i alle aktuelle forskrifter, dvs. nasjonalparkforskrifta og forskriftene for Hattebergsdalen og Bondhusdalen LVO. DN viser vidare til at fylkesmannen har vurdert at eit småkraftverk i Pyttelva ikkje kan sameinast med vern, og det er såleis ikkje aktuelt med eigne reglar for dette i verneforskrifta.

Sunnhordland kraftlag har via fylkesmannen meddelt at kraftlinia som går så vidt gjennom nasjonalparken ved Mosnes må forsterkast, kanskje også leggjast om og ev. byggjast om til 66 kV.

MD viser til at det går ein kraftleidning gjennom nasjonalparken ved Mosnes og ein innafor Hattebergsdalen LVO. Hattebergsdalen og Bondhusdalen har og andre tekniske anlegg innafor dei tilrådde vernegrensene. Reglane om drift, vedlikehald med meir i verneforskriftene for nasjonalparken, Hattebergsdalen og Bondhusdalen er justert i samsvar med tidligare semje med OED. Innafor Buer LVO er det opna for naudsynt motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering i samband med vassforsyninga frå Blåvatn. MD støtter elles DN si vurdering om eksisterande tekniske anlegg.

Nydyrkning, nygrøfting, kalking, grus- og sanduttak med meir.

Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarlag uttaler at vern ikkje må vere til hinder for nydyrkning, nygrøfting og kalking.

Åkrafjorden Utmarksdag, Etne bonde- og småbrukarlag er og opptekne av utnytting av grustak til vegutbetring og vedlikehald på vegen til Vetrhus.

Grunneigarane i Ænesdalen viser til at vern vil hindre utnytting av sand og grusførekomstar i dalen.

Grunneigarar og bruksrettshavarar på Måge ønskjer løyve til å ta sand frå elvane i Løkjen til vøling av hytter og gjerding.

Norges bondelag meiner det for bruk i landbruket må vere tillate å innføre nye plante- og dyreartar så lenge disse ikkje kan etablere seg i naturen.

Fylkesmannen vurderer at nydyrking, grøfting, kalking og opning av større sand- og grustak er tiltak som i prinsippet ikkje kan bli sameina med vern etter naturvernlova. Derimot er grøfting og kalking av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite å rekne som ordinære tiltak som ledd i skjøtsel og drift av slike areal. Slike tiltak er det gitt eit generelt unnatak for i vernereglane for landskapsvernområda. Eksisterande vegar som blir liggjande innafor verneområdet må kunne haldast ved like på rasjonelt vis. Fylkesmannen tilrår at vernet ikkje er til hinder for vedlikehald av vegar i samsvar med forvaltingsplanen, herunder mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er nødvendig. Fylkesmannen vurderer at det ikkje kan opnast for sanduttak frå eit så særmerkt kvartærgeologisk område som Løkjene.

DN støtter fylkesmannen si vurdering. DN meiner innføring av nye planteartar og dyreartar ikkje kan sameinast med vern.

MD støtter DN og fylkesmannen si vurdering omkring nydyrking, nygrøfting, kalking, grus- og sanduttak med meir.

Bygningar

Odda kommune ønskjer tilsvarende reglar som for Hardangervidda nasjonalpark når det gjeld vedlikehald av bygningar og nybygg.

Bondelaget, Etne bonde- og småbrukarlag og fleire grunneigarar peiker på behov for nye bygningar i samband med landbruksdrifta. Bondelaget foreslår i nasjonalparkforskrifta ein regel om at forvaltningsstyresmakta skal kunne gi løyve til oppføring av nye bygningar og anlegg i samband med miljøtilpassa turisme.

Statens landbruksforvaltning støtter DN sitt forslag under sentral høring om at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til gjenreising av stølshus i samband med seterdrift i nasjonalparken. Vidare går landbruksforvaltninga ut frå at landbruket sitt behov for framtidig bygningsmasse blir dekt av § 3.

Baroniet i Rosendal, fleire grunneigarar, Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag ønskjer å kunne bygge opp at og restaurere stølsbygg, stølsmiljø og andre gamle bygningar. Baroniet føreset at vernet blir sett i samanheng med behov for økonomisk stønad til restaurering av kulturminne innafor verneområdet.

Riksantikvaren meiner at det bør vere opning for oppattbygging og restaurering av stølshus også i nasjonalparken for å sikre viktige kulturminne og kulturmiljø. Forvaltningsplanen må gi klare retningslinjer med kulturfaglege krav til restaurering og oppattbygging.

Norges bondelag meiner forvaltningsstyresmakta bør kunne gi løyve til gjenreising av stølshus for etablering av miljøtilpassa turismeverksemder. Desse endringane er i samsvar med intensjonane i fjellteksten.

Norges naturvernforbund er open for at ein kan gi løyve til oppattbygging av stølshus innafor nasjonalparken, også kor disse ikkje blir brukt til seterdrift, på visse vilkår og

dersom det ikkje stirr mot formålet med vernet. Staten må bere kostnaden ved slike landskapstiltak for å sikre kulturskapte verdiar kor desse er eit grunnlag for vern.

Norges fjellstyresamband meiner gjetarbu og oppsynsbu må kunne bli tillate oppført i nasjonalparken ved dokumentert behov.

Nokre grunneigarar ønskjer opning for å reise jaktkoie.

Grunneigarar og bruksrettshavarar på Måge ønskjer høve til å setje opp hytter og buer for grunneigarar.

Haugesund Turistforening, Bergen Turlag og Etne kommune ønskjer opning for å bygge sikringshytte for turlagshyttene.

Noregs bondelag meiner at det etter nasjonalparkforskrifta skal vere tillate med oppattføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade utan søknad.

MD viser til at fylkesmannen og DN sine vurderingar omkring bygningar er grundig omtala i DN si tilråding 17.12.04 til MD og at konklusjonane på desse vurderingane er omtala under pkt. 2.3 om viktige endringar under behandlinga av verneplanen. MD viser til dette og støtter DN si vurdering omkring bygningar.

Skogbruk/vegbygging

Kvinnherad kommune, fleire grunneigarar, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag og Hordaland Bondelag meiner at vern ikkje må vere til hinder for skogsvegbygging.

Norges skogeierforbund viser til at det innafor det foreslårte verneområdet er store produktive skogareal. Forslag til verneforskrifter for landskapsvernombordet inneber i realiteten eit forbod mot vidare produksjon av gran ettersom etablering av skog skal skje ved stadeigne treslag. Skogeierforbundet stiller seg sterkt tvilande til DN si vurdering av at det med heimel i naturvernlova er høve til å nekte grunneigar å plante ny skog av gran ved uttak av hogstmoden skog i landskapsvernombordet. Skogeierforbundet meiner at bruk av skogbrukslova med Levende skog sine standardar er tilstrekkeleg for å ivareta verneverdiane i skog i eit landskapsvernombord.

Fylkesmannen viser til at verneforskrifta opnar for avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplan. Fylkesmannen meiner at det i tillegg kan vere riktig å opne for bygging av enkle driftsvegar for mellombels bruk til utkøyring av kulturskog der dette etter ei samla vurdering er den beste løysinga for landskapet. Forvaltningsplanen må sette rammer for slik bygging. Fylkesmannen foreslår at det i landskapsvern-forskriftene § 3 blir fastsett at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til "bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplan".

DN støtter fylkesmannen sitt forslag. DN meiner det er heimel i naturvernlova til å sette forbod mot planting av gran. Kulturskog blir vurdert som eit inngrep og fjerning av denne vil føre til at det på sikt i staden veks opp stadeigne treslag. Utalene i forarbeida kan ikkje gjelde planting av treslag som ikkje er stadeigne, fordi det stirr imot omsyna ved naturvern. Det er opna for uttak av skog etter godkjend plan. DN meiner skogbrukslova og standardane for Levende skog ikkje er eigna til forvalting av verneområda, der forvaltningsstyresmakta må vurdere korleis omsynet til verneformålet skal bli ivare-

teke ved uttak av skog. Standardane for Levende skog er vidare basert på avtale og vil kunne bli endra over tid.

MD støtter DN og fylkesmannen si vurdering omkring skogbruk/vegbygging.

Gjengroing av kulturlandskapet

Mange høringsinstansar er opptekne av gjengroing i utmarka og meiner at dette er det største trugsmålet mot naturkvalitetane og kulturlandskapet. Dei er redde for at vern kan gjere det vanskelegare for grunneigarane å drive områda, noko som på sikt kan gå ut over kulturlandskapet. Nokre grunneigarar har hatt tradisjonar for sviing av lyng på stølsområda og ønskjer å halde fram med dette. Det er også forslag om å stryke regelen om at DN ved forskrift kan regulere eller forby beite.

Fylkesmannen ser på gjengroing som naturleg følge av redusert beitetrykk og mindre utnytting av utmarka generelt. Det er ingen grunn til å tru at vern i seg sjølv vil påverke denne utviklinga. Tvert om vil eit vern gjøre det lettare å argumentere for tilskot til tiltak som motverkar gjengroinga der landbruksdrifta er lagt om, i område der ein vurderer det som viktig å oppretthalde spesielle kvalitetar i kulturlandskapet. Fylkesmannen har dessutan lagt stor vekt på å tilpasse verneframlegget til aktiv landbruksdrift, gjennom grensedraging og utforming av verneregler. Fylkesmannen viser elles til at beiting vil vere tillate i heile verneområdet. Av omsyn til friluftsliv eller kulturmiljø kan det i tillegg vere ønskjeleg å halde delar av landskapet ope og hogst/tynning eller sviing er då aktuelle tiltak i tillegg til beiting. Dette er tema som vil bli sentrale i forvaltingsplanen.

DN viser til fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering om gjengroing av kulturlandskapet.

Vedhogst

Mange høringsinstansar meiner det ikkje må vere søknadspliktig å hogge ved til eigen bruk i nasjonalparken. Fleire meiner òg det må vere lov å hogge for sal, då dette og kan medverke til å hindre gjengroing. Bergen Turlag ønskjer at ein også stimulerer til uttak av skog til biobrenselformål innafor landskapsvernombråda.

Norges naturvernforbund meiner det opphavlege forslaget som opnar for hogst til hytter og stølar etter løyve, er tilstrekkeleg. Eit slikt løyve bør kunne bli gitt for lengre tid av gangen i medhald av forvaltningsplanen.

Fylkesmannen er samd i at vedhogst til eigen bruk gjerne kan tillatast, også i nasjonalparken. Det er naturleg at dei få hyttene som ligg inne i området skal kunne ta ved til eigen bruk på hytta, og i praksis vil dette knapt bli merkbart i området. Fylkesmannen gjer framlegg om at hogst av ved til eget bruk kan skje i nasjonalparken utan søknad. Når det gjeld produksjon av biobrensel kan dette finne stad i eit landskapsvernombråde dersom det skjer i kombinasjon med annan landskapsskjøtsel og innafor rammene av verneforskrifta.

DN meiner hogst av ved inne i nasjonalparken bør vere søknadspliktig. Det vil vere aktuelt å gi fleirårige løyve til vedhogst. DN meiner at hovudregelen er at slikt løyve skal bli gitt til hytter o.l. inne i nasjonalparken. Slik denne regelen er utforma, vil forvalningsstyresmakta også kunne gi løyve til hytter som ligg utafor nasjonalparken dersom dette er den einaste høveleg måten brukarane kan skaffe ved på.

MD er samd med DN i at vedhogst bør vere søknadspliktig, men at forvalningsstyresmakta bør kunne gi fleirårige løyver slik at ein ikkje treng søkje for kvar gong.

Ferdsel

Folgefonna Informasjonssenter - arbeidsgruppa for bruk/vern og Hordaland Bondelag er opptekne av at verneforskriftene opnar for at grunneigarar kan drive organisert turverksemd på line med turlag, skular og liknande.

Norges bondelag meiner det må vere tiltaket sin verknad på naturmiljøet som er avgjande og ikkje tiltaket sitt formål. Dei meiner regelen om at kommersiell ferdsel er søknadspliktig må bli fjerna. Vidare foreslår bondelaget eit nytt punkt 5.2 i nasjonalparkforskrifta: "Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for (berekraftig) tradisjonell turverksemd til fots. Grunneigarar som ønskjer å starte ny kommersiell verksemd på eigen grunn må melde frå til forvalningsstyresmakta før oppstart. Andres kommersielle ferdsel, samt ferdsel som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve frå forvalningsstyresmakta og grunneigar." Bondelaget meiner vidare at organisert bruk av sykkel og hest berre bør vere tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk i forvalningsplanen og som grunneigar har godkjend.

Grunneigarar i Buerdalen foreslår at forbodet mot organisert bruk av sykkel og hest utanom vegar går ut av verneforskrifta, både for nasjonalparken og landskapsvernombåde. Hest blir i dag nytta til kløv og riding i stølsområdet, både privat og i organiserte former, og det kan derfor vere vanskeleg å skilje mellom lovleg og ulovleg bruk. Det er så bratt i området at bruk av sykkel ikkje er relevant.

Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) meiner det er svært viktig at forskriftene ikkje legg fleire restriksjonar enn nødvendig på det enkle og naturvennelege friluftslivet og mindre arrangement i undervisningssamanheng. FRIFO meiner opphavleg forslag frå lokal høring bør bli vidareført.

Friluftsrådenes landsforbund (FL) uttaler at ferdelsreglane bør kunne bli utforma slik at dei i større grad inviterer til ferdsel og blir enklare utan det går ut over verneverdiene. FL meiner vidare at bruken av omgrepet "organisert ferdsel" er uheldig fordi det er vanskeleg å definere, og det er ikkje belegg for å leggje til grunn at den organiserte ferdsla er meir skadeleg for naturmiljøet enn den uorganiserte.

Norges naturvernforbund meiner forskrifta bør presisere kva for type ferdsel som er tillate. Sjølv om "tradisjonell" ikkje er sjølvforklarande nok, er det vanskeleg å finne eit anna dekkjande uttrykk. Det bør kunne bli lagt til rette for vanleg ferdsel til fots i noko grad, særleg der landskapet er prega av menneske frå før, men under klare omsyn til verneformålet. Bruk av hest og sykkel bør bli avklart gjennom forvalningsplanen.

Norges jeger- og fiskerforbund (NJFF) meiner at definisjonen av kva som kan skje av organisert ferdsel innafor nasjonalparken utan løyve er for streng. Mellom anna blir jakthundprøver og den type verksemd definert som ei type organisert ferdsel som i ut-

gangspunktet kan skade/true naturmiljøet. NJFF meiner at regulering av ferdsel berre bør bli nytta i heilt spesielle høve.

MD viser til at fylkesmannen og DN sine vurderingar omkring ferdsel er grundig omtala i DN si tilråding til MD, og at hovudkonklusjonane på desse vurderingane er omtala under pkt. 2.3 om viktige endringar under behandlinga av verneplanen.

MD viser til dette og støtter DN si vurdering omkring ferdsel.

Motorferdsel

Odda kommune ønskjer tilsvarende reglar som for Hardangervidda nasjonalpark når det gjeld motorferdsel i nasjonalparken.

Fleire grunneigarar, Folgefonna grunneigarsamskipnad /Odda og Røldal Bondelag, Lundal-sameiget, Valestrand Beiteforening, Åkrafjorden Utmarksdag, Etne Skogeigarlag, Etne bonde- og småbrukarlag er opptekne av at vernet ikkje skal gjere det vanskeleg å frakte material, utstyr og folk inn til hytter og stølar i verneområda.

Grunneigarar og bruksrettshavarar på Måge og bruksretthavarar i Buerdalen nemner persontransport for eldre og uføre.

Grunneigarane på Ænes, grunneigarar i Guddalsdalen og Valestrand Beiteforening vil ha løyve til motorisert transport av felt storvilt.

Guddalsdalen elveigarlag ønskjer unnatak for motorisert ferdsel i samband med drift av elva og forskingsprosjekt.

Grunneigarane i Guddalsdalen nyttar påhengsmotor på Hildalsvatnet for å kome inn til stølen på nordsida av vatnet og ber om at verneforskrifta opnar for dette.

Folgefond Sommarskisenter, Folgefond Bresport AS og Jondal kommune ber om unnatak for preparering og merking av langrennsløype dersom denne blir liggande innafor nasjonalparken.

Kraftselskapa ber om at motorisert ferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av tekniske anlegg til kraftanlegg ikkje blir søknadspliktig, men at forskrifta gir direkte unnatak for dette.

Norges bondelag viser til at dersom det skal bli lagt til rette for miljøtilpassa næringsverksemد i verneområdane slik fjellteksta viser til, er motorferdsel nødvendig. Bondelaget meiner at motorferdselregelverket og omgrepet stadbunden næring treng ein revisjon for å gjenspegle gjeldane politiske retningsliner om næringsutvikling i landbruket. Vidare viser bondelaget til at eit meir moderne beitebruk vil kreve auka tilsyn og såleis eit auka transportbehov.

Friluftslivets fellesorganisasjon meiner det er viktig å redusere motorferdsel i utmark til eit minimum. Det er viktig at verneforskrifta berre opnar for det som er nødvendig og at det blir ført ein streng forvaltningspraksis.

Friluftsrådenes landsforbund (FL) og Norges naturvernforbund peiker på at stille er ein stadig sterkare etterspurt kvalitet. Dei meiner derfor at all motorisert ferdsel, også nyttekjøring, skal vere søknadspliktig. For kjøring som blir gjenteke periodisk, bør løyve kunne gjelde nokre år. FL meiner òg det skal vere forbod mot isbor.

Den norske turistforening (DNT) peiker og på at stille er viktig for friluftslivet, og at dette er framheva i stortingsmeldinga om friluftsliv. Friluftsområda, og særleg dei større samanhengande områda, må derfor bli skjerma mot støy. Eit viktig tiltak for å avgrense støy vil vere å sette forbod mot at verneområda blir brukt til lågtflygingsøvingar

(forsvaret) og at grensa for lågtflyging blir heva til 1000 m over bakken. DNT meiner rekreasjonskjøring med snöscooter i verneområda må vere forbode, og er også imot kjøring på barmarka i verneområda. Når det blir opna for nyttekjøring både for kraftanlegg og landbruk, bør også nødvendig kjøring i samband med drift og vedlikehald av turisthytter bli omtala.

Norges jeger- og fiskerforbund (NJFF) meiner det må bli definert nærmere kva som ligg i omgrepene ”nødvendig ferdsel”. Øvingskjøring må i utgangspunktet bli lagt utafor verneområda. Elles meiner NJFF at det i størst mogleg grad må vere eit mål å avgrense motorferdsela mest mogleg innafor heile verneområdet.

MD viser til at fylkesmannen og DN sine vurderingar omkring motorferdsel er grundig omtala i DN si tilråding til MD og at hovudkonklusjonane på desse vurderingane er omtala under pkt. 2.3 om viktige endringar under behandlinga av verneplanen.

MD viser til dette og støtter DN si vurdering omkring ferdsel.

Mini- og mikrokraftverk

Etne kommune, Hordaland Bondelag, Åkrafjorden Utmarksdrag, Valestrand Beitesforening, Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern og fleire grunneigarar ønskjer at det skal vere mogleg å utnytte vassdrag til kraftproduksjon i form av mini- eller mikrokraftverk.

Norges bondelag viser til St.prp. nr. 75 (2003-2004) kor det blir opna for konsesjonsbehandling av mikro- og minikraftverk i verna vassdrag. Bondelaget meiner at det må bli opna for konsesjonsbehandling av slike tiltak i nasjonalparkar og landskapsvernområde på lik line som det som er foreslått for verna vassdrag.

Fylkesmannen viser til at praksis frå andre verneområde er at slike kraftanlegg berre kan bli tillatne i visse situasjonar, til dømes dersom det erstattar støyande diesellaggregat eller andre forureinande kraftkjelder, og krafta som blir produsert blir nytta heilt lokalt. I den grad det er aktuelt å opne for denne type anlegg innafor verneområdet, vil det i alle høve bli gjort ei vurdering av spørsmålet om tiltaket er konsesjonspliktig etter vassressurslova eller ikkje. Fylkesmannen vil kunne setje vilkår som skal inngå i ein eventuell konsesjon ved dispensasjon frå verneforskrifta. Dersom det er aktuelt å opne for mini- eller mikrokraftverk kan forvaltingsstyresmakta gi slikt løyve gjennom den generelle dispensasjonsparagrafen. Bygging av småkraftverk er uråd å kombinere med vern etter naturvernlova.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering omkring mini- og mikrokraftverk.

Mindre motordrivne innretningar og verkty

Grunneigarane i Guddalsdalen og Valestrand Beitesforening har reist spørsmål om løyve til bruk av diesellaggregat, boremaskin og motorsag.

Fylkesmannen meiner vernereglane ikkje er til hinder for bruk av motoriserte verkty eller diesellaggregat dersom dei skal bli nytta til verksemد som elles er tillate. Fylkes-

mannen meiner forbodet mot bruk av motorisert isbor kan fjernast, då dette neppe er relevant på Folgefonna. Forbod mot motorisert bruk av modellfly og modellbåt blir ståande.

DN tilrår at regelen ikkje blir endra, slik at det er eit generelt forbod også mot bruk av isbor. Elles viser DN til fylkesmannen si vurdering.

MD støtter DN si vurdering omkring mindre motordrivne innretningar og verkty.

Tilretteleggingstiltak

Seimsfoss grendalag har reist spørsmål om mindre tilretteleggingstiltak for fiske og jaktutøving, som til dømes stiar og vardar.

Fylkesmannen viser til at tilrettelegging for friluftstiltak knytt til jakt, fiske og turgåing i samsvar med formålet i verneområda er tillate, og at rammene for dette vil bli eit viktig tema i forvaltingsplanen.

DN viser til at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til merking og rydding av nye stiar, samt bygging av bruer. Forvaltningsplanen må gi nærmere retningsliner her.

MD støtter DN si vurdering omkring tilretteleggingstiltak.

Næringsverksemd

Norges skogeierforbund har vore positive til landskapsvernombordet som verneform under føresetnad av at verneforskriftene gir rom for næringsverksemd i tråd med intensjonane i lova. Slik vernereglane er utforma i dag, er desse unødvendig restriktive og detaljerte. Dette skapar unødig byråkrati, legg hindringar for lokal verdiskaping og bidreg til negative haldningars til framtidig forvaltning av verneområdet.

Statens landbruksforvaltning legg til grunn at framtidig næringstiltak med basis i landbruket og som ikkje er i strid med verneformålet vil kunne kome inn under § 3.

Norges bondelag viser til at det ikkje bør vere ei motsetning mellom sikring av verneverdiar og utvikling av næring så lenge næringsinteressene held seg innafor verneformålet. Tvert i mot er fleire av verneområda i dag trua av mangel på skjøtsel og aktiv bruk, også i Folgefonnaområdet. I fjellteksta (revidert nasjonalbudsjett 2003) som Stortinget har gitt sin tilslutning til heiter det mellom anna at "verneområde skal vere arena for bruk og opplevelser innenfor rammen av det enkelte verneområdets formål". Bondelaget meiner at reglane i naturvernlova må bli tilpassa slik at fjellteksta sine intensjonar kjem til uttrykk og blir etterlevd.

DN meiner det vil vere mogleg med næringsutvikling i området innafor ramma av verneformålet. Fjellteksta legg opp til at ny infrastruktur skal leggjast utanom nasjonalparkane og at satsinga heller ikkje skal føre til meir motorferdsel. Det vil til vere mogleg å bruke nasjonalparken i næringsverksemd sjølv om delar av verksemda vil måtte skje utafor verneområda. DN legg elles til grunn at eksisterande bygningars i større grad enn tidlegare vil kunne bli omdisponert til anna bruk.

Nærings- og handelsdepartementet viser til at dei reiselivsverksemndene som er i området i dag må kunne få vidareutvikle seg så lengje dette ikkje er til hinder for dei natur- og kulturverdiane som verneplanen omfattar. NHD meiner og nyetableringar innafor ramma av verneformålet må kunne tillatast.

MD viser til Regjeringa sin bodskap i revidert nasjonalbudsjett 2003 om at det er potensiale for auka miljøtilpassa turistmessig bruk av fjellområda våre, og at det særeigne ved nasjonalparkar og andre verneområde gjer at desse områda vil kunne fungere som "trekkplaster" for turistar, og dermed gi kommunane ved verneområda ei ekstra fordel i reiselivet. Det bør innafor ramma av Regjeringa sin politikk vere plass for meir turisme knytt til Folgefonna utan at denne aktiviteten øydelegg dei natur- og kulturverdiane denne verneplanen bygger på. Vernet skal soleis ikkje vere til hinder for at reiselivet kan utvikla seg innafor verneområda så lenge det ikkje kjem i strid med verneføremålet for nasjonalpark og landskapsvernombord. Det bør likevel vere slik at nyetableringar som krev fysiske inngrep i regel bør lokaliserast utanfor verneområda. MD støtter elles DN si vurdering.

Kulturminne

Riksantikvaren (RA) uttaler at for ein del kulturminne vil det vere hovudsaken at dei er verna mot inngrep og skade. Dette synes å vere godt ivaretake i nasjonalparkforskrifta i § 3. Ei tilsvarande formulering manglar i forskriftene til landskapsvernombord, og RA ber om at same formulering også må tas inn der. RA stiller seg undrande til at det i forskriftene til landskapsvernombord ikkje blir stilt krav om tilpassing til landskapet og byggeskikk for ombygging og utvidingar, men berre for nye bygg. RA ber om at eit slikt krav også blir teke inn.

DN er samd i at vedlikehald, ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk, og dette er teke inn i forskriftene.

MD viser til at kulturminne etter naturvernlova § 5 kan vernast dersom dei bidreg til område sitt sær preg eller betyr noko for landskapskvaliteten. Kulturminne som betyr noko på slik måte kan vernast mot skade og øydelegging. MD viser elles til DN sin kommentar.

4.4 MERKNADER TIL GRENSER OG VERNEFORM

Generelt

Norges skogeierforbund viser til at private grunneigarar, kommunar og grunneigarorganisasjonar har hatt meint at enkelte område bør bli teke ut av verneplanen. Dei ber om at synspunkta blir følgt opp.

Riksantikvaren er positiv til at eit verneforslag innlemmar dalføra opp mot breen i landskapsvernombord. På denne måten blir landskapsvariasjonane frå dal (og eit tilfelle fjord) til høgfjell ivaretatt, og verneområdet omfattar slik eit større mangfold av landskapstypar med sine kulturminne og kulturmiljø.

Universitetet i Oslos naturhistoriske museer og botanisk hage meiner at vernekvaliten aukar når ein ser fleire verneobjekt i samanheng. Mykje av kulturlandskapet langs

Hardangerfjorden har utvikla seg på terrassedanningar og det er viktig at desse områda inngår i verneområdet.

Norsk ornitologisk forening og Norges jeger- og fiskerforbund sentralt og i Hordaland støtter det mest omfattande verneforslaget som inkluderar nasjonalpark og fem landskapsvernområde. Dei meiner det er viktig at ein hindrar ei oppsplitting av Folgefonna og at ein sikrar seg mot inngrep i dei aktuelle vassdraga.

Norges naturvernforbund og WWF Norge er sterkt usamd i nokre av dei reduksjonane i verneområdet som fylkesmannen har gjort etter lokal høring. Naturvernforbundet ber DN om å legge stor vekt på å sikre, så langt det er mogleg, at også lågareliggende delar blir verna.

WWF Norge og Den norske turistforening vil understreke at for å hindre inngrep i svært verdifull bre- og vassdragsnatur, må størst mogleg areal vernast. Dette er spesielt viktig fordi Folgefonna er eit smalt breplatå med tre brear. Inngrep i randområda fører til fragmentering og må bli unngått.

Friluftsrådenes landsforbund meiner det er viktig at verneområdet i størst mogleg grad omfattar naturen opp mot breen, og ideelt sett burde omfatte ein heilskap frå fjord til bre. Forbundet stiller spørsmål ved om dei naturfaglege krava er for strenge til å få inn Verdfulle kulturlandskap i verneområdet, og spør om det er grunnlag for å sjå nærmere på naturvernlova, standardforskrifter osv. for å få betre verkemiddel til å ta vare på Verdfulle kulturlandskap og kulturmiljø.

Den norske turistforening viser til at dei urørte vassdraga som er att ved Folgefonna, er livsnervar i landskapet som også i framtida må renne fritt. Derfor må vernegrensene bli trekt slik at vernet faktisk sikrar bredda og mangfaldet av bre- og vassdragsnatur i området. Vidare peiker DNT på at Folgefonna utgjer eit av dei få områda med inngrepssfri natur som er att i Hordaland.

DN har merka seg synspunkta som er kome fram. Når grensa likevel ikkje er utvida i tråd med høringsuttaler frå mange organisasjonar, er ikkje det fordi det ikkje er lokaltetar eller område som ikkje er kvalifiserte for vern, men av omsyn til andre samfunnsinteresser. Styresmakta er i vernesaka er forplikta til å ta rimelege omsyn til andre interesser. Det er også vanskeleg å inkludere område som ikkje er foreslått verna på lokal eller sentral høring, sjølv om områda inneheld viktige kvalitetar. DN meiner verneplanen omfattar dei mest vesentlege områda som er knytt til breen og at det samstundes er teke rimelege omsyn til andre samfunnsinteresser.

MD støtter DN si vurdering omkring dei generelle merknadane til grenser og verneform.

Folgefonna nasjonalpark nord (Jondal kommune og Ullensvang herad)

Folgefonna Sommerskisenter AS, Folgefonna Bresport AS og Jondal kommune ønskjer utviding til kote 1600 for å vere fleksibel i høve til årlege variasjonar i snøtilhøve og gi tilbod til alle aktuelle disiplinar og brukargrupper. Dei vil utvikle treningsområde for langrenn, og meiner dette kan bli gjort ved å innarbeide løyve til merking og preparering i forskriftene eller ta arealet ut av verneområdet.

Hordaland fylkeskommune støtter å ta ut utvidingsområdet for Folgefonna sommarskisenter og legge til rette for mobilt skitrekk.

Folgefonna Breførerlag, Bergen Turlag og Kvinnherad Turlag viser til at heving av reguleringsgrensa og drift av langrennsløyper utofor det regulerte området er i konflikt med kundane til breførarlaget og elles tradisjonelle friluftsinteresser på Nord-breen.

Naturvernforbundet i Hordaland meiner at utviding av sommarskisenteret og preparering av skiløype er i strid med verneinteressene i ein nasjonalpark.

Universitetet i Bergen - Institutt for geografi viser til at ein markert morenerygg med stor pedagogisk verdi ved Nordre Fonna ligg utofor verneframlegget.

Fylkesmannen opplyser at det har vore eit møte med Folgefonna sommarskisenter, Jondal Breførarlag og Jondal kommune, der dei ulike interessene i området blei diskutert. På bakgrunn av diskusjonen på møtet, vil fylkesmannen gå inn for å ta ut eit område som skissert. Foreslått løysing skulle etter fylkesmannen si meining møte sommarskisenteret sitt behov for utvidingsareal, samstundes som dei viktige områda av Nordbreen inngår i nasjonalparken og slik kan bli sikra som urørt naturområde. Moreneryggen ved Nord-Fonna som Universitetet i Bergen har vist til, ligg, etter det fylkesmannen kan sjå utofor arbeidsgrensa og er ikkje aktuell å ta med i verneområdet.

DN støtter fylkesmannen sitt forslag.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering.

Raundalen i Ullensvang herad

Grunneigarar og bruksrettshavarar på Måge er positive til vern av Raundalen, då det gjer kraftutbygging i Kvitnovassdraget uaktuelt. Dei ønskjer primært vern som landskapsvernområde då dei fryktar at nasjonalparkstatus kan hindre aktiv bruk av området til landbruk, friluftsliv og rekreasjon.

Universitetet i Bergen — Institutt for geografi viser til at Raundalen har nasjonal og regional verneverdi ut frå kvartærgeologi, og at det er viktig å ha med område på austsida av breen og område som elles er urørt av kraftutbygging.

Fylkesmannen ser på Raundalen som eit av dei aller mest særmerkte naturområda innafor verneframlegget, og kan vanskeleg sjå for seg ei anna verneform enn nasjonalpark her. At grunneigarane støttar vernetanken er særskilt positivt.

DN støtter fylkesmannen sitt forslag.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering.

Folgefonna nasjonalpark vest, Bondhusdalen LVO, Ånesdalen LVO og Hattebergsdalen LVO (Kvinnherad kommune)

Blådalen

Statkraft AS, NVE, felles uttale frå kraftaktørane i planområdet og Kvinnherad kommune foreslår endring av vernegrensa slik at prosjektet med overføring av Blådalsvatn til Juklavatn kan bli realisert. Kraftselskapa peiker på at prosjektet blei halde utofor Samla Plan som eit typisk effektiviseringsprosjekt (O/U-prosjekt) som kan

Samla Plan som eit typisk effektiviseringsprosjekt (O/U-prosjekt) som kan gå til konsejsjonsbehandling. Kraftutbyggingsprosjektet vil kunne produsere 57 GWh/år til ein kostnad av 2,64 kr/kWh dersom det blir realisert. Økonomien i prosjektet er avhengig av at to bekkeinntak i Kvitnodalen er med. Statkraft foreslår grensendring slik at eit areal på 0,4 km² ved Botnabreen går ut av verneplanen saman med eit areal på 1,2 km² ytst i Kvitnodalen.

Norges miljøvernforbund, Bergen Turlag, Naturvernforbundet i Hordaland, Kvinnherad Turlag, Naturvernforbundet Kvinnherad og Den norske turistforening går mot kraftutbygging og viser til all utbygging som tidlegare har funne stad i området. Det viktig å ta vare på det som er att av urørt natur og sikre område som er store nok til at ein kan oppleve ro i naturen. Realisering av denne kraftoverføringa vil redusere verneområdet i nord til ein smal korridor, og avstanden frå kjernen i nasjonalparken til yttergrensa blir svært liten. I tillegg utgjer Kvitnodalen eit vilt og vakkert landskap med store kvalitetar.

Fylkesmannen viser til at dersom Statkraft sine planar for overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet skal vere avgjerande for grensetrekkinga, vil ytre del av Kvitnodalen måtte gå ut av nasjonalparken, saman med eit areal ved Botnabreen, til saman 1,6 km². Sjølv om dette i seg sjølv ikkje er så stort areal, skjer det i eit område som gjer at nasjonalparken blir redusert til ein svært smal korridor i overgangen mellom Sørfonna og områda nord for denne (ca. 3,8 km på det smale i denne delen). Fylkesmannen ser på Kvitnodalen som eit viktig landskapsrom mellom Sørfonna og Midtfonna, og meiner derfor det er lite ønskjeleg å ta ut dette område.

DN støtter fylkesmannen si vurdering. Blådalsvatnet har ei større regulering og er ikkje aktuelt å inkludere i nasjonalparken. Middagsvatnet låg utafor verneområde både på sentral og lokal høring, og er derfor ikkje aktuelt å ta med i verneområdet no.

MD viser til at konsekvensane for naturverdiane og landskapsrommet som følgje av ei overføring frå Kvitnodalen kan handsamast gjennom Statkraft sitt OU-prosjekt. Nasjonalparkgrensa skal derfor trekkjast utanom Kvitnodalen. Dersom prosjektet ikkje blir gjennomført, vil området seinare bli teke inn i nasjonalparken.

Pyttafloene

Kvinnherad kommune viser til at området vest for Blådalsvatn-Pyttafloene er eit viktig oppmarsjområde for turar til Sørfonna, og foreslår at dette blir inkludert i nasjonalparken. Området vest til Hardingskardet og nord til Svartedalsvatnet bør med.

Naturvernforbundet Hordaland ønskjer meir dokumentasjon av verneverdiane i området før ein tek avgjerd om å ikkje å inkludere dette arealet i verneområdet.

Fylkesmannen viser til at områda rett vest for Blådalsvatnet låg innafor arbeidsgrensa til KU. Då verneframlegget blei utarbeidd tok ein likevel ut Blådalsvatnet på grunn av storleiken på reguleringa, og områda vest for vatnet blei tekne ut då dette gav ei betre avgrensing av området. Området nordover mot Svartedalsvatnet ligg utafor det som blei omfatta av arbeidet med KU. Ut frå manglande dokumentasjon av verneinteresser og vanskar med å finne ei god arrondering av verneområdet ved Blådalsvatn, vil fylkesmannen ikkje tilrå utviding av verneområdet som foreslått.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering.

Bondhusdalen/Fynderdalen/Heimadalen

Bondhusdalen grunneigarlag, Kvinnherad kommune, Norges bondelag, ein grunneigar og Vestnorsk havbrukslag meiner grensa bør bli trekt tilbake i Bondhusdalen kor det er store område som er i aktivt bruk til jordbruk og beitebruk. Fleire går inn for at grensa blir lagt ved 600 moh., og at Bondhusdalen LVO blir teke ut av verneplanen. Nokre viser til dei store tekniske inngrepa i og ved Bondhusvatnet og meiner at området ikkje kvalifiserer for vern som nasjonalpark.

Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern meiner nasjonalpark-grensa må bli flytta mot vest slik at Bondhusvatnet i staden blir inkludert i landskapsvernområdet.

To grunneigarar Bondhusdalen bør bli teke ut av nasjonalparken for å opne for turistaktivitetar som til dømes oppgradering av veg, utbygging av transportsystem, «satellitt» til naturinformasjonssenteret og gondolbane. Dei har planar om eit småkraftverk i Pyttelva som vil kunne gi 30 GWh, som har små negative sider og som ikkje vil endre landskapet sin art og karakter. Grensa for nasjonalparken må bli endra slik at eit bekkeinntak ikkje blir eit problem. Fynderdalen må og bli verna som landskapsvernområde i staden for nasjonalpark.

Norges Miljøvernforbund meiner Bondhusdalen bør inngå i nasjonalparken og ikkje lagt ut som landskapsvernområde. Dei viser m.a. til det frodige landskapet, artsrikdomen, laks og sjøaure og at Bondhusdalen er ei av dei viktige innfallsportane til Folgefonna.

Fylkesmannen viser til den sentrale symbolverdien Bondhusbreen og Bondhusvatnet har på Folgefonnahalvøya. Saman med Buerbreen er dette det mest tilgjengelege brefallet rundt fonna, og utgjer ein særskilt vakker og inntrykksfull innfallsport til nasjonalparken. Ut frå den sentrale plassen Bondhusdalen har i verneplanen, kan fylkesmannen vanskeleg støtte kommunen og grunneigarane på forslaget om ta ut Bondhusdalen LVO. Etter fylkesmannen sitt syn ville ein då utelate eitt av dei aller mest sentrale dalføra i heile verneplanen. Fylkesmannen kan likevel sjå at vegen og inngrepa frå eksisterande kraftutbygging tilseier at det er vel så rett å ha Bondhusvatnet som del av landskapsvernområdet i staden for å innlemme det i nasjonalparken, og grensa er derfor endra her. Dei tankar om utnytting av dalføret som blir framført frå rettshavarane i Pyttelva let seg ikkje kombinere med vern. Når det gjeld Fynderdalen, er fylkesmannen samd med Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget at dette må inngå i nasjonalparken, då dette er eit urørt dalføre og vassdrag med store vernekvalitetar knytt til kvartærgеologi, landskaps- og opplevingsverdi. Fylkesmannen vil tilrå å halde på landskapsvernområde i Bondhusdalen, men kan gå inn for å flytte grensa mellom dei to verneformene inn til Pyttelva. Bondhusbreen og Fynderdalen må i alle fall ligge innafor nasjonalparken. Når det gjeld Heimadalen meiner fylkesmannen at dei punkta som ein grunneigar tek opp er ivaretakne i verneforskrifta, og heile Heimadalen bør bli omfatta av nasjonalparken.

DN støtter fylkesmannen si tilråding og går i tillegg inn for ei mindre grenseendring i Bondhusdalen av omsyn til jordbruk, sjølv om DN meiner at forskriftene ikkje hindrar slik drift. Av omsyn til lokalitetar med verneverdige terrasse- og moreneforekomstar er det samstundes ikkje rom for ei større endring av grensa i Bondhusdalen.

Bondhus grunneigarlag har etter DN si tilråding sendt brev der dei ber om at grensa for Bondhusdalen LVO vert flytta litt innover i dalen til ca 150 moh. slik at konfliktane med jordbruksdrifta vert borte. Også Småkraftentrepenørane har bede om ny vurdering av prosjektet i Pyttelva.

Fylkesmannen har i april 2005 hatt nye møte med grunneigarane i Bondhusdalen. Etter dei opplysningsar som no ligg føre kan dei nedre delane av området sin landbruksfaglege verdi bli vektlagt noko høgare enn kva som vart gjort ved utforming av vernegrensa tidlegare. Dei kvartærgeologiske førekostane som har størst verneverdi blir framleis liggjande innanfor landskapsvernombordet, sjølv om det vert gjort ei grensejustering slik grunneigarane ber om. Det aktuelle området er frå før prega av synlege inngrep, og har såleis ikkje den høgste opplevingsverdien. Fylkesmannen konkluderer difor med at grensa kan trekkjast slik at viktig landbruksareal nedst i dalen likevel ikkje blir med i landskapsvernombordet.

MD støtter fylkesmannen sin nye konklusjon. MD støtter elles fylkesmannen si tilråding, m.a. om at planane om utbygging i Pyttelva ikkje kan sameinast med vern.

Furebergsdalen

Kvinnherad kommune meiner at meir av den produktive skogen i Furebergsdalen bør gå ut av verneplanen.

Fylkesmannen viser til dei store verneverdiane i denne dalen knytt til kvartærgeologi, botanikk, landskap, opplevingsverdi og vassdragsnatur. Vassdraget er verna gjennom verneplan IV, og Furebergsfossen ligg som eit kjent landemerke like før elva når sjøen. Dei områda som kommunen ønskjer å ta ut er det svært vanskeleg å drive utan nye veginvesteringar med tilhøyrande landskapsinngrep. Grunneigar har ikkje gitt uttale, men har på synfaring og i møte gitt uttrykk for at han ikkje har planar om uttak av skog i området. Fylkesmannen tilrår ikkje grenseendring i Furebergsdalen.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering.

Ænesdalen

Grunneigarane på Ænes og Kvinnherad kommune ønskjer at heile landskapsvernombordet går ut, og at nasjonalparkgrensa i staden blir lagt ved Hestabotn.

Grunneigarane og Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern meiner at verneframlegget ikkje tek nok omsyn til næringsretta skogbruk, og ønskjer å diskutere grensa mellom landskapsvernombordet og nasjonalpark.

Ein grunneigar meiner at grensa for nasjonalparken i Ænesdalen må bli justert slik at det blir teke omsyn til skogsdrifta i dalen.

Norges bondelag viser til at det i Ænesdalen er foreslått innlemma om lag 5 500 daa produktiv skog. Pga. næringsinteressene og skogen sin art meiner Bondelaget at skogen må bli halde utafor landskapsvernombordet. Bondelaget meiner at nordgrensa for eit landskapsvernombord i tilfelle må gå sør om dei økonomisk drivbare barskogane.

Norges Miljøvernforbund viser til at elvesletta i midtre delar av dalen er ein av dei breie eksisterande elvesletter som er registrert i vestlandske kystvassdrag. Vassdraget er eit av dei minst påverka av dei brepåverka vassdraga frå fonna, noko som gjer det viktig at større delar av dalen inngår i nasjonalparken. Det er òg eit større område på vestsida av elva i Ænesdalen er klassifisert som regionalt viktig for biologisk mangfald. Miljøvernforbundet tilrår at grensa mellom nasjonalpark og landskapsvernombord blir slik at heile dette området og hele den lakseførande delen av elva inngår i nasjonalparken.

Norges naturvernforbund er usamdi at store delar av Ænesdalen er teke ut av verneområdet, sjølv om det er forståing for ønskjet om ikkje å inkludere drivverdig granskog. Naturvernforbundet meiner at ein større del av den nordligaste delen i det første forslaget bør bli inkludert som nasjonalpark.

Fylkesmannen viser til at Ænesvassdraget er varig verna gjennom Verneplan IV, og har store opplevingskvalitetar knytt til den meandrerande elva og landskapet rundt denne. Også innan kvartærgeologi og botanikk er det viktige verneverdiar i dalføret. Dalen er open og flat i nedre delar, og er derfor lett tilgjengeleg for eventuell utbygging og tyngre utnytting dersom det ein gong skulle bli opna for dette gjennom kommuneplanen. Ut frå ei langsiktig arealforvalting i området vil det etter fylkesmannen si meining vere rett å nytte naturvernlova og verne dei mest sentrale delane av dalføret. Det er likevel klart at Ænesdalen er det dalføret med største skogbruksinteresser i verneplanen. Fylkesmannen viser til verneinteressene i Ænesdalen og vil rá ifrå at ein tek heile dalføret opp til Hestabotn ut av verneforslaget slik kommunen og grunneigarane tek til orde for.

Fylkesmannen meiner likevel at det er rett å justere grensa mellom landskapsvernombordet og nasjonalpark i delar av dalen. Etter ei samla vurdering tilrår fylkesmannen at områda som har vegutløsing i ytre del av dalføret blir tekne ut av verneområdet. I tillegg går også området på austsida av vegen fram til Ænesstølen ut.

DN støtter fylkesmannen sitt forslag. I brev hit frå ein grunneigar er det kome fram at ei av eigedomane med skogteig ligg innafor nasjonalparken, medan dei andre tilsvarande teigar ligg i det tilrådde landskapsvernombordet. Dette var ein feil, og grensa er derfor endra slik at denne teigen og ligg i forslag til landskapsvernombordet.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering omkring Ænesdalen.

Myrdalsvatnet

Rosendal Elektrisitetsverk AS viser til at Myrdalsvatnet er regulert 3,5 m. Dersom grensa for nasjonalparken ikkje blir trekt utanom, må forskrifter sikre framleis drift av magasinet. Sjølve demninga ligg utafor verneområdet.

Fylkesmannen presiserer at vern vil ikkje påverke dagens drift av reguleringsmagasinet, og endring i manøvreringsreglement eller konsesjonsvilkår vil ikkje kunne skje utan søknad og godkjenning i NVE. Fylkesmannen viser til at området rundt Myrdalsvatnet har så store kvalitetar at det bør vere med i nasjonalparken. Fylkesmannen meiner såleis det er akseptabelt at delar av det regulerte vatnet ligg inne i nasjonalparken, og vil ikkje tilrå grenseendring her.

DN meiner at når Myrdalsvatnet er regulert med 3,5 m, bør vatnet ikkje ligge inne i nasjonalparken. Fordi vatnet ligg i yttergrensa, finn DN å tilrå at grensa blir trekt rundt vatnet på nordvestsida ved høgaste regulerte vasstand.

MD støtter DN si vurdering omkring Myrdalsvatnet.

Hattebergsdalen

Kvinnherad kommune tilrår at vernegrensa blir trekt opp til skoggrensa og at eksisterande kraftanlegg med nedslagfelt i Hattebergvassdraget blir teke ut av verneplanen. Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarlag og ein grunneigar meiner at konflikten med grunneigarinteressene er større enn det KU viser, og at verneverdiane i Muradalen ikkje er så store. Grunneigarlaget tilrår at vernegrensa følgjer tregrensa og blir lagt inne i Murabotn.

Ein grunneigar meiner det ikkje vil vere mogleg å halde fram med landbruksdrift der som ein ikkje får utnytte ressursane knytt til bruken. Dersom området blir verna, må jordbruksområde bli lagt utafor landskapsvernombordet.

Kvinnherad Energi fryktar at landskapsvern i området vil gjere framtidig drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg i Hattebergvassdraget vanskelegare.

Skyttarlaga i Kvinnherad viser til at Muradalen har vore nytta til feltskyting i generasjonar, og ber om å få halde fram med dette.

Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget viser til at nasjonalparkområdet, verna vassdrag og Baroniet i Rosendal er uløyselig knytt saman. Nemnda tilrår at manøvreringsreglementet til Muradalen kraftverk blir vurdert i samband med oppretting av nasjonalparken. Dette vil sikre at vasstanden i Prestavatn og Svartavatn blir halde på eit nivå som er visuelt akseptabelt.

DWRS - Baroniet i Rosendal er positive til verneframlegget.

Riksantikvaren meiner det er viktig at grensa i dette landskapsvernombordet blir oppretthalde, slik at samanhengen med foreslått kulturminnefreding rundt Baroniet vil kunne bli ivaretatt. Saman med kommuneplanen vil det leggje grunnlag for ei god forvaltning av landskaps-, natur- og kulturmiljøverdiane frå Rosendal via Muradalen til Folgefonna. Norges Miljøvernforbund foreslår at ved å trekke grensa for nasjonalparken ned til Baroniparken og la nedre delar av Rosendal inngå i landskapsvernombordet vil dei fleste av desse spesielt verdfulle områda få eit sterkare vern.

Fylkesmannen vil peike på dei nasjonale verdiane i Rosendalsområdet, frå Baroniet med tilliggjande kulturmiljø og Hattebergfossen, Muradalen, Ringeriksfossen og naturområda rundt. Det er viktig å ta vare på samanhengen frå låglandet til nasjonalparkområdet og breen på best mogleg vis. Fylkesmannen meiner det må vere eit klart mål å sikre at desse kvalitetane blir premissgivande for bruk og utvikling av området, og vi kan ikkje

sjå at tilrådingane frå Kvinnherad kommune og grunneigarlaget i tilstrekkeleg grad tek i vare dette omsynet. Dette ligg og til grunn for at Stortinget ved fleire høve har avvist vidare kraftutbygging i Hattebergvassdraget. Til tross for eksisterande inngrep meiner fylkesmannen at landskapsvern vil vere nyttig som ramme for forvaltinga i området. Landskapsvern etter naturvernlova vil saman med kulturminnerefreding i Baroniområdet kunne framstå som nyttige framtidige styringsreiskap saman med kommuneplan og anna aktuelt planverk. Verneforskrifta er utforma slik at vernet ikkje vil hindre handtering av eksisterande tekniske anlegg. Unnataket er aktiviteten som følgjer av feltskytinga, som skyttarlaga tek opp gjennom höringa. Det er mest naturleg å ta stilling til denne problemstillinga gjennom forvaltingsplanen, der ein kan setje rammer og vilkår for å gjere eventuell konflikt med andre interesser minst mogleg.

DN støtter fylkesmannen si vurdering. Hattebergsdalen er påverka av vasskraftutbygging og vassverkanlegg, og det er òg noko dyrka mark her. Dette gjer at det er lite aktuelt å innlemme dette område i nasjonalparken. Nedre delar av Rosendal ligg utafor arbeidsgrensa og er ikkje eigna for vern etter naturvernlova som følgje av at området er utbygd.

MD viser til at Kvinnherad Energi og Rosendal og Omland Vassverk har planar om opprusting av Muradalen kraftverk kombinert med bygging av nytt vassverk i Hattebergsvassdraget. Kraftverket er i planen omtalt som gamalt og at det er naudsynt med rehabilitering og opprusting. Vassforsyninga i området må ifølgje planen og sikrast gjennom uttak frå Hattebergvassdraget. Dette prosjektet har ikkje vore lagt fram for miljøvernstyresmakta, og MD har derfor ikkje grunnlag for å vurdere konsekvensane av prosjektet. Departementet meiner likevel at oppretting av Hattebergsdalen landskapsvernområde ikkje er til hinder for *ordinær behandling* av vassverksprosjekt og småkraftverk i Muradalen. Departementet legg til grunn at prosjektet kan gjennomførast dersom det ikkje kjem i strid med verneverdiane som ligg til grunn for opprettinga av landskapsvernområdet. MD støtter elles DN og fylkesmannen sine vurderingar.

Guddalsdalen/Kvannto-området

Grunneigarar i Guddalsdalen peikar på at det finst ca. 140 daa ståande kulturskog inst i Guddalsdalen, og at om lag 100 daa av dette treng ny vegutløsing. Dei meiner det er mogleg å byggje ein enkel skogsveg utan tyngre inngrep og at verneområdet ikkje omfattar kulturskogen i dalen. Vidare ønskjer dei opning for mindre forbygging av elva.

Kvinnherad kommune meiner grensa bør bli flytta opp til tregrensa.

Nokre grunneigarar og Hordaland Bondelag etterspør dokumentasjon på verneverdien i fjellområdet mellom Guddalsdalen og Omvikedalen (Kvannto-området). Kvannto-området bør etter deira meining gå ut eller bli verna som landskapsvernområde.

Guddalsdalen elveeigarlag går mot inngrep som endrar vassføring i elva og ser positive verknader av at Fonnvatna blir inkludert i nasjonalpark. Dei ser ikkje konflikt med verneplanen, men heller mogleg positiv marknadsføringseffekt ved sal av fiskekort i opplevingspakkar. Dei meiner at grensa for landskapsvernområdet bør ligge forbi Dalsvia, slik at arbeidet med drift av elva blir enklare.

Norges Miljøvernforbund peikar på dei store verdiane rundt Guddalselva, som til døme edlelauvskog opp til 500 – 600 moh. Miljøvernforbundet meiner at nedre delar av Guddalsdalen bør vere med i landskapsvernombordet.

Norges naturvernforbund er usamdi i at Guddalsdalen blir teke ut av landskapsvernombordet. Guddalsdalen er ein av dei lågareliggjande dalane med rik skog rundt fonna. Det forhold at fjellområda rundt Kvannto ikkje er tilstrekkeleg undersøkt, gir ikkje grunnlag for å ta området ut av verneplanen.

Universitetet i Oslos naturhistoriske museer og botanisk hage uttaler at terrassane i Guddal er vurdert som nokon av dei mest verneverdige i Hordaland.

Fylkesmannen går inn for å justere grensa for landskapsvernombordet i Guddalsdalen slik at eksisterande økonomisk drivverdige skogområde og område med granplantefelt går heilt ut. Dei delane av Guddalsdalen som trer fram som urørte, og som det ikkje er knytt særlege brukarinteresser til, blir då liggjande innafor nasjonalparken. I det aktuelle området finst ein god del inngrepsfri natur. Store delar av Kvannto-området ligg innafor sone 2, inngrepsfritt naturområde. Ut over dette er dokumentasjonen av vernekvalitetane i dette fjellpartiet mangelfull. Fylkesmannen finn det såleis rett å tilrå at nedbørsfeltet til Guddalsvassdraget blir grense for verneområdet i sør. Ein mindre bekk som drenerer til Guddalsvassdraget i sør inngår i nasjonalparken.

DN støtter fylkesmannen sin vurdering. Dei nemnde terrassane ligg i nedre delar av Guddalsdalen kor det er gardar og fast busettnad. Området ligg derfor utafor arbeidsgrensa og det er såleis ikkje aktuelt å ta med i verneområdet.

MD støtter DN og fylkesmannen si vurdering.

Fonnvatna

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL), Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune går inn for å endre grensa slik at vern ikkje stoppar overføringsprosjekt av Fonnvatna i Guddalsvassdraget til Blådalen. Saman med overføring av Eikemo utgjer dette viktige element i SKL sin «Generalplan for Blådalsvassdraget». I sin uttale viser SKL til at Guddalsvassdraget blei teke ut av verneplanlista for utvida vassdragsvern, og meiner det bør vere mogleg å finne tilpassa løysingar. Det blir og vist til at utbygging av Fonnvatn og Eikemo er reversibel, og bør derfor kunne bli akseptert. Det er dessutan eit lite kostnadskrevjande prosjekt å bygge ut (0,67 kr/kWh). Utbyggingsprosjektet er til behandling i Samla Plan.

Norges naturvernforbund, Norges miljøvernforbund, Guddalsdalen elveeigarlag, Naturvernforbundet i Hordaland, Naturvernforbundet Kvinnherad, Bergen Turlag, Den norske turistforening, Kvinnherad Turlag og Seimsfoss grenadalag går sterkt i mot overføring av Fonnvatna. Uttalepartane meiner Guddalsvassdraget må inngå i nasjonalparken og slik sikre mest mogleg av vassdraget frå fjord til fonn. Bergen Turlag og Miljøvernforbundet viser til at Guddalsvassdraget blei prioritert høgt på lista over vassdrag i Hordaland i samband med suppering av verneplanen og viser til dokumenterte verneverdiar knytt til geologisk og biologisk mangfald, friluftsliv og opplevingsverdi. Naturvernforbundet viser til at område klassifisert som villmark vil bli monaleg redusert der som Fonnvatn blir brukt til kraftutbygging.

Fylkesmannen deler ikkje oppfatninga om at planlagde inngrep i Fonnvatn og Eikemo er reversible. Sjølv om varige tekniske inngrep i terrenget ikkje alltid er så synlege etter ei kraftutbygging, vil ein vanskeleg kunne reparere t.d. biologisk skade i et vassdrag sjølv om vassvegane til sist skulle bli tilbakeført. De er neppe heller særleg realistisk å tru at ei utbygging som først er utført, seinare vil bli reversert slik at området t.d. kan inngå i ein nasjonalpark. Overføring frå Fonnvatna vil føre til redusert vassføring og endring i naturmiljøet nedover i vassdraget. I dag er vassdraget heilt urørt i den delen som inngår i verneframlegget. Fylkesmannen meiner Guddalsvassdraget må ha høg prioritet i arbeidet med verneplanen, og vil tilrå at Fonnvatna som del av Guddalsvassdraget inngår i nasjonalparken. Sørdelan av Folgefonna er eitt av to attverande villmarksprega område i fylket. Det er derfor særleg viktig at nye inngrep ikkje reduserer dette arealet ytterlegare.

DN støtter fylkesmannen si vurdering og meiner det må ha høg prioritet i saka å verne om dei øvre delane av Guddalsvassdraget som er urørt.

MD viser til at SKL sin plan om overføring av Fonnvatn til Blådalsvassdraget er til behandling i Samla Plan. Det ligg derfor ikkje tidlegare føringar frå Samla Plan eller frå nasjonalparkmeldinga på korleis prosjektet skal vurderast i forhold til å opprette Folgefonna nasjonalpark. MD støtter DN si vurdering og viser vidare til fylkesmannen si vurdering av miljøkonsekvensane av prosjektet. MD går derfor inn for å leggje grensa for nasjonalparken slik at han sikrar øvre del av Guddalsvassdraget med Fonnvatn som eit urørt område for framtida. Sjå elles til omtale av vasskraft under pkt 4.2.

Folgefonna nasjonalpark sør (Etne kommune)

Vetrhus/Botnane

MD viser til at landskapsvernombordet Vetrhus/Botnane er tilrådd teke ut av verneplanen både av fylkesmannen og DN som følge av stor motstand mot vern. Fleire grunnigarane har imidlertid i ettertid endra syn, og har bede om at landskapsvernombordet blir teke inn att i verneplanen. MD tilrår likevel ikkje å ta inn att Vetrhus/Botnane LVO på dette stadiet i prosessen, men viser til at kommunen har eit stor ansvar for å ta vare på verdiane i området gjennom arealbruken. MD støtter fylkesmannen og DN sine vurderinger, og viser til høringsinstansane, fylkesmannen og DN sin omtale av dette området i DN si tilråding av 17.12.2004 til MD.

Sandvikedalen/Mosnes

Lundal-sameiget, Valestrand Beiteforening A/S, Åkrafjorden Utmarkslag, Etne Skogegarlag, Etne Bonde- og småbrukarlag er opptekne av potensialet for framtidig utnytting av naturressursane og er redde for at vern vil leggje hindringar i vegen for dette. Dei vil ha opningar for ulike tiltak på lang sikt som utbetring av vegen til Mosdal og bygging av utleigehytter. Dei kan akseptere at vernegrensa går ved Lundal.

Etne kommune godtek vern av Sandvikedalen på vilkår av at det blir landskapsvernombord i nedre delar frå Lundal/Hjortedal til Mosnes. Bebygde tun ved Mosnes og Ytre Mosnes må bli halde utanom vernegrensa.

Ein grunneigar og Valestrand Beiteforening A/S viser til naustgrunn på Mosnes.

Ein grunneigar protesterer mot vern av eigedomen.

Vestnorsk havbrukslag meiner at verneforslaget legg for lite vekt på vern og bruk av områda og ønskjer grensa trekt tilbake innerst i Åkrafjorden i Etne kommune der nasjonalparken går heilt ned til sjøen.

Naturvernforbundet i Etne, Universitetet i Bergen - Institutt for geografi og Den norske turistforening (DNT) meiner det er viktig at nasjonalparken inkluderer eit heilt vassdrag frå fonna og ned til fjorden.

Norges miljøvernforbund viser til reduksjonen i inngrepsfrie område, og at Stortinget og regjeringa har lagt vekt på at inngrepsfrie område skal bli teke vare på. Dei meiner vernegrensa for nasjonalparken bør følgje Mosnes frå sjøsida fram til Fjæra og deretter arbeidsgrensa for KU til og med Sandvedalen i Odda kommune.

Fylkesmannen viser til opplevingskvalitetane og verneverdiane i Sandvikedalen som låg til grunn for at vassdraget blei verna mot kraftutbygging (Verneplan IV). Fylkesmannen meiner det må ha høg prioritet å få med nedslagfeltet til vassdraget innafor nasjonalparken, og viser dessutan til at Mosnes er den einaste staden på Folgefonnahalvøya der det har vore mogleg å trekke grensa for verneområdet heilt ned til fjorden. Fylkesmannen ønskjer å sikre heilskapen i området med vassdragsnatur, kulturlandskap og opplevingsverdi med strengaste verneform, og ser det som lite tenleg å opprette eit landskapsvernområde i nedre del. Innafor rammene av forskrifa og forvaltingsplanen vil det vere rom for å legge til rette for friluftsliv. Regulert område, hus og nausttomter på Mosnes blir liggjande utafor grensa og blir ikkje omfatta av vernet med den grensa som fylkesmannen tilrår i området.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN si vurdering.

Fjæravassdraget

Etne kommune og Åkrafjorden Utmarksdag rår til at nedbørsfeltet til Fjæravassdraget nord for riksvegen blir teke ut av verneforslaget, og viser til kraftaktørane sin ressurskartlegging der potensialet for utnytting av vassdraget til kraftproduksjon er sett til 11-14 GWh (Stølselva småkraftverk). Eventuell kraftutbygging vil føre til at Bergstøvatnet og Keidalsvatnet blir regulert 2 m og 6 m.

Fylkesmannen viser til at oppgangen frå E134 ved Bergstø til Folgefonna og tilliggjande fjellområde sør for breen truleg er den lettaste i heile området. Nedbørsfelten i dette områda ligg mellom dei verna vassdraga Mosnes og Opo og drener sørover mot Åkrafjorden. Områda ved Bergstøvatnet og nordover har ein rikare flora enn verneområdet elles på grunn av førekomst av kalkrike bergartar. I denne delen av verneområdet finn ein derfor vegetasjonstypar som elles er därleg representerte innafor verneområdet. I høringsslaget er reservatet og nasjonalparken lagt inn til kvarandre. Fylkesmannen ønskjer primært å ha med Fjæravassdraget innafor verneområdet, då dette vil medverke til å sikre større breidde i naturtypar og landskap i nasjonalparken. Fylkesmannen vil derfor ikke foreslå endring av grensa i dette området.

Norges miljøvernforbund meiner at med vernegrensa for nasjonalparken slik den går fram i sentral høring, vil opne for ei massiv kraftutbygging i Åkrafjorden og Sørdalen. Ei utbygging i randsona til nasjonalparken vil vere i strid med nasjonalparkideen og medføre tap av viktige opplevingskvalitetar.

Den norske turistforening meiner òg Sørdalen må bli teke inn i nasjonalparken.

DN viser til at Sørdalen ligg utafor arbeidsgrensa, og at det no ikkje er aktuelt å tilrå vern av område som er utafor arbeidsgrensa. Sørdalen ligg i eit nærområde til riksvegen. DN støtter elles fylkesmannen si vurdering.

MD støtter DN si vurdering.

Folgefonna nasjonalpark øst og Buer LVO (Odda kommune)

Sandvedalen, Liaset, Buerdalen

Odda kommune og Folgefonna grunneigarsamskipnad/Odda og Røldal Bondelag, Hordaland Bondelag meiner at grensa for verneområdet må gå nærmere breen slik at alle stølsområda kjem utafor. Dei vil og ta ut heile Buer LVO og område som er aktuelle for kraftutbygging.

Odda Bygdekvinnelag er i prinsippet imot å gjere Folgefonna med tilliggjande område til nasjonalpark og viser til dei viktige beiteinteressene i utmarka.

Bruksrettshavarar i Buerdalen ønskjer primært at garden Buer og området nord for Buerelva går ut av landskapsvernombanen. Dersom dette likevel blir liggjande innafor, ber dei om at forskrifta må ta høgde for nødvendige tiltak knytt til bygningar, gardstun og innmark. Dei er og opptekne av at vern ikkje vil hindre årleg reinsking av elva i Buerdalen.

Fylkesmannen viser til at vassdraga i området hører til Ofovassdraget som er varig verna i Verneplan I. Dalføra og stølsområda i Odda har store kvalitetar knytt til landskap og opplevingsverdi, biologisk mangfald og kvartærgeologi. Med den avgrensinga som er foreslått av sentrale uttalepartar i Odda vil berre høgfjellsområde og breområde liggje att innafor verneområdet, og kvalitetane og variasjonsbreidda i naturtypane blir sterkt reduserte i austre del av verneområdet. Fylkesmannen kan derfor vanskeleg følgje desse tilrådingane fullt ut utan at sentrale verneverdiar fell utafor verneplanen.

Sandvedalen og platået nedanfor var tidleg på 1990-talet aktuelt for vern gjennom verneplan for barskog. KU for landbruksinteressene viser at berre områda kring Smyttjørn og Grønsdalsstølen har økonomisk drivverdig skog. Området har store kvalitetar og gir godt høve for rik friluftsoppleving. Odda kommune har rádd ifrå at desse areala inngår i nasjonalparken. Fylkesmannen vil derfor tilrå at det nedre platået ved Sandvedalen utgår frå nasjonalparken. Det er her vi finn den drivverdige skogen og den sterke historiske påverknaden.

Rådmannen si tilråding om grensejustering mellom nasjonalpark og landskapsvernombanen ved Buervatnet, Liasete og arealet mellom Kvirveli og Fossasete vil føre til at hytter, stølar og beiteområde i større grad blir liggjande i landskapsvernombanen. I Buerdalen ligg to gardsbruk i drift, samt kommunal veg og parkeringsplass inne i det tilrådde landskapsvernombanen. I sommarmånadene er dalføret ein svært viktig turistattraksjon i

Odda og utan tvil den mest kjende og lett tilgjengelege innfallsporten til breen frå austsida. I tillegg til friluftsliv, landskap og opplevingsverdi, har Buerdalen verneverdiar knytt til botanikk, fauna og kvartærgeologi. Fylkesmannen foreslår at vegen, parkeringsplassen og områda rundt gardane i Buerdalen blir tekne ut av landskapsvernombrådet.

Norges Miljøvernforbund meiner Buerdalen bør inngå i nasjonalparken fordi den inste delen av dalen er vegetasjonen klassifisert som svært viktig for biologisk mangfald.

Norges naturvernforbund reagerer på at verdifulle skogsområde her blir foreslått teke ut av nasjonalparken. Området har særleg store ornitologiske verdiar, og dessutan storvaksen skog i eit vakkert og høgst verneverdig landskap.

Naturvernforbundet Hordaland viser til observasjonar av spettar og andre fuglearter i Sandvedalen og området Fossasete-Rotekotvatnet-Kvanndalsvatn.

Bergen Turlag og Norges jeger- og fiskerforbund sentralt og Hordaland meiner at desse områda er svært verneverdige og må bli teke med i verneplanen.

Norsk ornitologisk forening (NOF), Norges miljøvernforbund og Den norske turistforening meiner det er svært synd at yttste delen av Sandvedalen er teke ut av verneplanen etter lokal høring pga. svært marginale skogøkonomiske interesser. I tillegg til at dette er eit utroleg vakkert landskap, representerer Sandvedalen det største artsmangfaldet av fuglar innafor nasjonalparken.

DN støtter fylkesmannen sitt forslag til avgrensing i Sandvedalen. DN meiner det ikkje er grunnlag for å endre grensa mellom nasjonalpark og landskapsvernombrådet i Buerdalen slik Miljøvernforbundet ber om. DN legg vekt på at grensa er trekt etter dialog med grunneigarane. Dersom grensa skulle bli trekt lengre øst, vil korridoren med veg og gardar føre til at landskapsvernombrådet blir delt i to delar, noko som ikkje er ønskjeleg. Buerbreen ligg inne i nasjonalparken. Landskapsvern nedanfor denne blir vurdert som tilstrekkeleg vern av området.

MD støtter DN si vurdering.

Eitrheim/Tokheim

Tyssefaldene AS viser til konsesjonssøknad for utbygging av Eitrheims- og Tokheimsvassdraga i Blåvatnet kraftverk. Prosjektet er plassert i kat. 1 i Samla Plan, og konsesjonssøknad er for tida til behandling. Produksjonspotensialet er på 97 GWh/år til ein kostnad av 2,17 kr/kWh. Dei ber om at nasjonalparken blir redusert slik at utbygginga kan bli gjennomført som omsøkt.

Odda kommune og Hordaland fylkeskommune går inn for å endre grensa slik at vern ikkje hindrar utbygging av Eitrheim/ Tokheim-vassdraga.

Ein grunneigar viser til at fallrettane i Tokheimsvassdraget truleg er ein av dei største verdiane på garden.

Norges Miljøvernforbund, Naturvernforbundet Hordaland, Bergen Turlag, Friluftslivets fellesorganisasjon og Den norske turistforening (DNT) peikar på vassdragsnaturen, friluftsinteressene, landskapskvalitetane, kulturminne og urørt natur i desse dalføra, og ber om at utbyggingsplanane blir avviste. Dei meiner det vil stride mot intensjonen for

opprettig av Folgefonna nasjonalpark å fjerne Eitrheims- og Tokheimsvassdraget frå verneplanen.

Ein person viser òg til friluftsinteressene og kvalitetane langs Eitrheimsvassdraget.

Bergen Turlag og Haugesund Turistforening meiner at korridoren nord for Buer LVO bør bli med i verneområdet til tross for eksisterande inngrep.

NVE viser til Stortinget sine retningsliner for vurdering av vasskraftprosjekt i Samla Plan, og meiner vernegrensene må justerast slik at konsesjonshandsaminga av prosjektet kan fullførast.

Fylkesmannen viser til sin uttale i konsesjonssaka om at utbygging ikkje kan sameinast med vern, og at nasjonalparken og landskapsvernombordet må bli redusert dersom AS Tyssefaldene skal få konsesjon til omsøkt utbygging. I brev av 1.9.2003 seier Fylkesmannen i Hordaland m.a.: «Fylkesmannen mener videre at omsøkte utbygging ikke kan forenes med foreliggende verneforslag, som omfatter øvre deler av vassdragene. Resultatet av endelig behandling i Regjeringen av Folgefonna nasjonalpark bør vere retningsgivende for utfallet av utbyggingsplanene for Blåvatn kraftverk». Ei kraftutbygging vil føre til sterkt redusert vassføring i elva langs turvegen i Tokheimsdalen. Vidare vil det føre til reduksjon i arealet av inngrepsfri natur dersom Kvanngrødvatna i Eitrheim selva blir regulerte som omsøkt. Fylkesmannen prioriterer sterkt å ha med øvre del av Eitrheimsvassdraget innafor nasjonalparken, ut ifrå kvalitetane som eit urørt vassdrag med viktige opplevingsverdiar. Tokheimsdalen med Støladalen har i dag ikkje same urørte preg, men har likevel stor verdi då dette er det viktige oppmarsjområdet til Folgefonna frå Odda. Dei tilhøyrande friluftsinteressene er store langs den nyleg opprusta ridestien frå Egne Hjem opp lia gjennom Støladalen og vidare til Holmaskjer turisthytte. Fylkesmannen viser til høringsutkastet der det var teke ut ein korridor i samband med Blåvatnet som allereie er regulert 22 m. Etter ny vurdering av inngrepa i området vil vi rå til at Buer landskapsvernombordet blir utvida til å omfatte Støladalen, men at Blåvatnet i staden utgår som ei «øy» i landskapsvernombordet.

DN støtter fylkesmannen si vurdering.

MD støtter fylkesmannen og DN sine vurderingar. Utbyggingsprosjektet blei plassert i kategori I under Stortinget si behandling i 1986 av den første meldinga om Samla Plan. Datagrunnlaget som låg til grunn for plassering av prosjektet i Eitrheim/Tokheim i kategori I var imidlertid klassifisert som mindre tilfredstillande for temaet naturvern og temaet fisk. I samband med verneplanen for Folgefonna har verneverdiane i store delar av det planlagde utbyggingsområdet vorte utgreia på nytt. Konfliktnivået mellom utbygging og vern er i dag høgt. Kategori 1 - plasseringa for 20 år sidan gir derfor ikkje eit rett bilete av korleis ein vurderer utbygging av Eitrheim/ Tokheim i dag. MD tilrår at ein ikkje trekkjer dei planlagde vernegrensene slik at ein opnar for vasskraftutbygging i Eitrheims- og Tokheimsvassdraga, og viser elles til omtale av vasskraft under pkt 4.2. Departementet viser til at OED i samsvar med dette i dag har avslått konsesjonssøknaden for utbygging av Eitrheim/Tokheim. Dersom OED sitt avslag seinare skulle bli omgjort av Stortinget, vil grensene i området bli vurderte på nytt.

Øktarevatna

Den norske turistforening (DNT) meiner vernegrensene må bli trekt på ein slik måte at vernet faktisk sikrar breidda og mangfaldet av bre- og vassdragsnatur i området. Grensa må bli trekt slik at øvre og nedre Øktarevatna kjem innafor nasjonalparkgrensa.

DN viser til at grensa er lagt på toppen av Øktarenuten for å få god arrondering. Øktarevatna ligg rett utover grensa. Kart over innrepstilfelle viser at Øktarevatna ligg i område 1 – 3 km frå tyngre tekniske inngrep. DN ser at dei kunne bli teke med i nasjonalparken, men fordi dei ikkje er teke med i verneområde verken på lokal eller sentral høring, tilrår DN inga endring her.

MD støtter DN si vurdering.

Miljøverndepartementet

tilrår:

1. Forskrifter om vern av Folgefonna nasjonalpark, Hattebergsdalen landskapsvernombjørn, Ænesdalen landskapsvernombjørn, Bondhusdalen landskapsvernombjørn og Buer landskapsvernombjørn blir fastsett i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1 – 5).